

Va da no

slek

da va då

ska tru -

eller - ?

Det finst somt ein trur
bør sendast vidare -
difor er forteljinga.

- og dette er eit forsøk frå meg på
å gje vidare litt frå barndom og oppveksttid -
og å spekulere litt kring tilværet
- som vart som det var - og er.

*”Det er forbausende hvor mye av erindringen
som dreier om ting vi ikke la merke til
den gang.”*

Barbara Kingsolver

*”Sakens kjerne er at du alltid vet hva som er rett å gjøre
Det eneste som er vanskelig-
er å gjøre det”*

Gen. H. N. Schwarzkopf

*Kjære minne om
og age for dei som gjekk føre -
og djup takksemd til dei for eit godt liv-
gjev meg frimod til å presentere
det som følgjer.*

Innhald	Side
Innleiing	5
Minner frå og om Ytre Lesto	7
Litt meir omarbeid og aktivitet	14
Bestefar og bestemor	24
Mor og far	30
Sysken	37
Nokre episodar / sagt og høyrd	40
Berre den som vandrar-	48
Ditt og datt	50

Innleiing.

Oppelda av at fleire av folket mitt alt har verifisert mykje om og rundt menneska - og om gard og grunn på Ytre Lesto -

- **Kari Muren (1989)** - om stadnamna knytt til gnr. 64 bnr. 1. Så farbror min
- **Arthur Lesto (1990)** med sitt storarbeid om folket på farssida vår - og bror min
- **Leif Lesto (1995)** om "Kvardagsliv på Lesto"

kjenner eg utfordringa trengje seg på om å fylgje opp med nokre glimt frå mine ståstader og.

Opp gjennom åra i vaksen alder har eg no og då gjort nokre få notat når slikt eg *spontant* oppfatta som verneverdige minne eller tankar frå barne- og ungdomstid har dukka fram. Det har berre skjedd sporadisk, heilt usystematisk - og diverre, i alt for lita grad. Minna frå denne tida er flyktige hjå meg må eg vedgå, både om det som var og korleis eg var. Men slik det kan kjennest å strøyme på verkar det likevel å vere så mykje å ta fatt i at det eg får med meg berre er overskrifter. Og det er litt sørgjeleg at ein freistnad på å lage eit attersyn - om eg får det til då - berre vil kunne bli grove riss og overflateriper i ei faren tid. Nokon vil kanskje (og sikkert med rette) hevde at legninga mi er slik at eg vert varsam, dreg meg attende eller "let att døra" når det byrjar å gå i djupna i ulike emne. I så fall vil vel forsøka mine på framstilling ende "på yta" same kva. Vi får sjå kva det endar med.

Eg tek på ingen måte mål av meg til å konkurrere med det som alt er prestert. Heilt medvite freistar eg å unngå å skrive oppatt om det dei andre alt har nemnd. Kanskje vert eg likevel oppfatta å supplere og kan hende å korrigere litt, men fyrst og fremst er dette altså ein svært spinkel og subjektiv freistnad på ei framstilling, basert i eigne minneglimt og oppfatningar eg har danna meg frå og om barndomstida mi på Ytre-Lesto - også kalla Storelesto.

Det er lite i vegen med fantasi og kreativitet meiner eg no sjølv, men som vanleg for meg er det verre å få noko ut av det. Slik og med dette prosjektet. Stoffet burde sjølvstakt både vore medvite byrja på - og arbeidd med - i ei tid då eg hadde foreldre og besteforeldre rundt meg. Når det ikkje vart gjort er det openberr risiko for at fantasien kan verte *for* kreativ i høve til ønskje eg har om at resultatet skal vere sakleg, objektivt og å stå til truande. Og som vanleg med slike skriverser risikerer forfattaren at det vert meir ein sjølvpresentasjon enn den objektive og rette skildringa av dei eller det han ønskjer å omtale.

Mangt og mykje dukkar uklårt fram i minnedisen medan eg skriv også. Kvant einaste ord avlar eigenleg nye tankar og nye streif, og det er så godt som praktisk uråd å feste alt på papiret. Eg nyttar ein del () og "- " som moglege supplement og forklaringar. I tillegg er skrivemåten min omstendeleg og knotete så stoffet vil sikkert verte tungt og keisamt å lese. Men når eg vel å gjere det på denne måten er det vel for at eg synes det passar meg sjølv bra. Og så har eg ei von om å hugse *litt* lenger attende enn syskena mine vil nå.

Mykje som kjem her har sikkert preg av meir eller mindre velkvalifisert etterpåklokskap, men eg ønskjer og sterkt at det og skal oppfattast som ein "jammer" frå mi side over det usagde, utenkte, uspurde og dermed uhøyrd og gløynde gjennom livet. Det følgjande kan difor kanskje verte ei brukande øving i toleranse for ein mogleg lesar, og vonleg inspirere til alternativ framstilling.

Kjeldematerialet er som nemnd stort sett mitt eige minne, og eg legg ikkje spesiell vekt på at det vert fullstendig pålitande tidskronologi i det eg set på prent.

Hendingar og opplevingar kan som nemnd vere vanskelege å knyte til eksakte tidspunkt. Tida har og arbeidd i meir enn 57 år for meg og, så utbrot som gjer seg gjeldande i minnet kan truleg blande samanhengar langt der bak.

Når eg no freistar å famle meg attende i tidlegare sette fotefar frå meg sjølv og andre, og å nærme meg det som *var*, så skjønar eg altså at mange konturar diverre har vorte dunkle. Det vert difor ei slags vandring i skuggane sin dal dette - med von om eitt og anna solstreif så litt av mine minner sin melodi kan bli feste til papiret.

Kanskje kan det også vere slik at ulike ord, ting, hendingar og opplevingar som gjev assosiasjonar og minner i mitt liv, dei har syskena mine ikkje registrert dei i det heile for sin del. Og *om* dei har, så gjev det kanskje heilt andre assosiasjonar for dei.

Leif har fin struktur i si bok. I det som følgjer bryr eg meg ikkje så mykje med det. Kvifor? Jau, eg føler det liksom har hendt så mykje, om ikkje samstundes - så har alt liksom eit samanhengande framhald. Når ein skal samanfatte ei årrekkje slik eg freistar å gjere, kjem difor det eine lett på det andre - hulter til bulter - og eg let det gjere det.

Feil oppfatningar og moglege slutningar med ”lite hold i”, slik du ser det, fortel kanskje berre litt om at det som *verkeleg* hende alltid kan (og sikkert bør) diskuterast – og som regel vert det akkurat slik. Utfordringa vonar eg vil verte: Korrigér meg!

Solvoll/Ytre Lesto 1996 - Ålgård 2006. Ola Lesto

Minner frå og om Ytre Lesto.



Dei tidlege åra. (I hovudsak til tidleg 50-tal).

Naboen min Ane, "Ryst-Ane", som er ei dame eg set særst stor pris på, var saman med syster si Lilly stundeviss barnejente hos Lars og Lisa i krigsåra. Ho fortel at ho hugsar godt då eg vart fødd. Mi fyrste lege var i ei kommodeskuff minnest ho. Den same varianten vart visst nytta i tilfella Aslaug og Leif også.

I fleire tiår har eg undra på kva som kan vere det fyrste minnet eg har om mine tidlegaste år. Det er uklåre og usikre førestellingar eg har i så måte, men utanom mor og far og dei som seinare dagleg vart rundt meg har eg heilt klåre minneglimt om ein person, og det er oldemor Johanne. Og saman med henne - den rettrygga "storestolinj" (som hadde armlene med nedoverkrull) der i "Lisjestovinje" vår. Som smååring var eg no og då plassert dit i stova, der oldemor hadde sitt faste tilhald.

Oldemor hadde svært dårleg syn siste åra ho levde. Eg trur ho var så godt som blind, og ho var knapt ute av rommet etter det eg kan minnast. Ho heldt seg i stova si - og kunne vel på eit vis følgje litt med eldste ungen slik at mor så mykje som råd kunne ta del i ulike gjeremål i hus og på gard. Det var sikkert enklare å ha med baby-Aslaug utadørs i hennar fyrste leveår. Då ho ikkje var i stand til å lese, og hadde heller laber interesse for «folkemottakaren» (den vart dessutan kverrsett av okkupasjonsmakta under krigen) - var hennar tidtrøyte å syngje - syngje salmar. Ho kunne ei mengd av dei utaboks, men hennar spesielle var «I Himmelen, i Himmelen». Denne norske folketonen song ho dagstøtt, fleire gonger om dagen, og eg trur eg kunne hennar tone då eg var eit par år gamal. Det er den fyrste melodien eg kan hugse omfram mor sitt kveldsvers. Eg kan diverre ikkje minnest om det var noko slag prat mellom oss to. Ikkje for det - særleg talefør var eg no heller ikkje på den tida.

Etter det eg kan forstå no måtte tankeverda hennar vere svært religiøst retta. Det hadde kanskje noko med hennar høge alder og medvit om eigen livskveld å gjere. Men kanskje og med at ho hadde opplevd ein krig tidlegare der ho hadde hatt ein son som soldat? Sikkert er nok og at ho som så mange kvinner i hennar generasjon - i alle fall her på våre kantar - agerte religiøsiteten sin svært på alvor.

Oldemor døydde i 1942. Då båra hennar skulle til kyrkja hugsar eg at gardsfolket før avferda la hakka einekvister tvers over oppkøyrsla der den går ut i hovudvegen. Ein skikk som og vart bestefar si båre til del.

Dette var i dei tidlege krigsåra, og eg minnest at både når eg var ute, eller stod i "storestola" hos oldemor og såg ut "lisjestovglase", kunne bisne på dei mange ulike marinefartya som var på Moldefjorden i periodar. Av og til prøveskaut dei våpna sine mot "Eidshonnje" med sporlyssammunisjon. M.a. minnest eg ein spesiell båt som folket kalla "hamnekapteinen". Eg trudde det var båten som hadde dette namnet, men det ligg vel i ordet at det var fartyet til den tyske offiseren/staben som inspiserte, eller hadde ansvaret for hamnetilhøva i vårt distrikt. Dette var ein smekker og hurtiggåande båt som eg syntes var svært så stilig.

Grupper med soldatar på marsj etter vegen var å sjå tett og ofte også, og eg minnes "blendingsgardinene" våre som var svarte på utsida..

Flytrafikken var omfattande - med alle slags fly, og eg hugsar at eg ikkje likte *dei* noko særleg. Spesielt inntrykk gjorde det visst ein sommardag eg hadde føre meg eit eller anna (som for ein gongs skuld tydelegvis engasjerte meg ei lita stund) i bakken mellom stabburet og grisehuset. Då vart eg overraska av ein fæl larm, og eit stort svart fly med tre motorar - ein på kvar veng og ein på snuten - kom strykande tett over Lestobrunene - mest ned på almetoppene tykte eg. Synet og lyden støkte og skræmde meg retteleg der eg hadde sete fortapt mi eiga verd, for eg minnest at eg sprang i hus med det same.

Eg har det ikkje med å drøyme, men til og med no i vaksen alder har dette flyet - av ein eller annan grunn - no og då - hatt seg ein nattleg tur over almane ved grisehuset i min elles draumlause svevn. Krigsmateriellet gjorde visst meir inntrykk enn soldatane.

For somme av dei tyske soldatane som var stasjonerte rundt her kom i hus hjå oss ofte. Vi hadde høns og nokre frukttre på garden, og Victoriaplomer og egg var kjærkome kosttilskot for dei. Eg hugsar ein dag eit par av dei var i plometreet ved sørvesthjørnet av eldhuset og fylte huene med plomer. Det gjorde og eit voldsamt inntrykk å sjå når dei sette seg nede ved fjøsen - på steinen ved smalefjøsøra, eller under postkassa på låvehjørnet - med nokre egg i hua - og så tok eit, kakka det litt i eine enden - og sende innhaldet ned rått. Slikt var uvant hjå oss. Seinare lærde far oss ungane å gjere det same med nyverpa egg. Eg kan ikkje seie at det vart favorittkost, men det var makelaust sunt fortalde far.

Soldatane var nok mykje som folk flest i verda denne tidbolken: Offer for omstende dei lite eller ikkje rådde med der og då. Ein av dei vart ein etter måten flitting gjest hjå oss medan han var her, og fyrst lenge etter krigen tok eg til å tenkje på kva han eigentleg kom for – om det kan hende var for anna enn kosttilskotet. Eg trur han hadde nokon der heime, for Aslaug vekte tydeleg heilt spesielle kjensler hos han. Kvar gong han var her kom han inn og sette seg i lisjestova for å ha henne på fanget nokre minuttar. Kan ikkje minnast han sa eit ord, berre sat der med småjenta på fanget og strauk ho over håret. Eg tenkte i alle fall ikkje då at det kunne vere meint som nokon trugsmål frå hans side.

Eg er ikkje sikker på om soldatane gav noko i byte for føderådet dei fekk heller. Kan hende fekk farfar litt tobakk, men då ingen andre i huset nytta nikotin eller alkohol vart byteemna heller få vil eg tru. Truleg var soldatane på rein - om enn "autorisert" tiggjarferd. Etter det eg hugsar verka dei ikkje nokon gong trugande eller farlege på meg. Eg var sjølv sagt for liten til å meine noko som helst, men eg minnest ikkje spesielle åtvaringar frå husfolket si side om åtferd i høve til soldatane heller. Eg var altså for liten til å ha noko oppfatningar om krigen. Dessutan var eg omtrent fødd inn i den. Om den gjorde noko med meg (omfram det nemnde flyet) er ikkje godt å ha meiningar om no. Men kva mor og far og besteforeldra mine t.d. snakka om, meinte og ev. frykta i denne perioden er av dei spørsmåla eg kunne ønskt å vite noko om. Deira evne til "å gjere det beste ut av det" var i alle fall verdfull ballast for oss alle gjennom denne vanskelege tida.

Gjennom krigsåra var som alt nemnd Ane og Lilly i "Rystinje", også kalla "Rystajentene", barnejenter for meg og Aslaug - og kanskje for Leif også. Dei var eigenleg berre småjenter då krigen starta, men var pålitelege og stø arbeidsfolk alt då. Men eg oppfatta at dei som eg likte krigen dårleg. Ein gong dei var ute med meg i barnevogna slapp dei den på veggen med gutungen i, og sprang i hus (har Ane fortald). Det var nokre fly som gjorde inntrykk på dei og.

Det vart mange besøk til foreldra til Ane og Lilly. Det var han "Ryst-Anders" (av farfar kalla "Lisjerystinj", av oss andre "Pappalilli") - og kona Anna - både i krigstida og seinare gjennom oppveksten. Han var m.a. så ubegripleg flink med kniven han Anders. Spesielt kunne han lage båtar som ingen annan eg visste om, og fiskekuttarar var han ekspert på. Leif fekk eingong ein slik av han (Eg skjønar ikkje den dag i dag kva **han** skulle med den). Fin og gråmåla var båten, om lag 30 cm lang med grøn kjøll med bly under og greier. Den hadde to master, bom og var rigga med vant av hampetråd, og hadde luke i dekket.

I Rysta var og han Lars (kalla "Gamlerystinj"), far til Anders, og kona til Lars, Karolina. (Etter det som vart fortald skulle Lars vere litt rar i hovudet). Eg kan hugse eg ein gong såg han sprang etter kona på markstykket mellom veggen og elva og hytta etter henne med stokken sin.

På eit loftsrom hjå Anders og Anna budde ei tid ei gamal kvinne, Malene Horn. Ho hadde tidlegare budd i eit hus på garden til Jonas Listou (farfar sin bror) på Eide saman med nokre sysken. Då ho etterkvart vart åleine vart det til at Anders og Anna let ho flytte til seg. Ane har fortald at dei fekk 30 kroner i månaden for å ha henne. Ho var nok det som alltid har heitt "ei legdekjerring". Eg hugsar ho svært godt, for vi var innom av og til og sa god dag. Særleg mykje prat minnest eg (sjølv sagt) ikkje. Stillferdig og alltid strikkande var ho, og alltid iførd sitt mørke hovudtørkle, eller "haudeplagg", som det heitte på vårt mål. Og eg hugsar "munngymnastikken" hennar. Ho hadde nok få eller ingen tenner att.

Hunden i Rysta, "Jæger", var ein aldrande kakaobrun, loden og godmodig kar som var svært så omgjengeleg overfor ungane. "Ramona" derimot, merra, hadde rykte på seg å vere utrygg, og vi måtte passe oss for henne.

Torkildsenfamilien er eit anna minne frå krigstida. Det var foreldre og (3-4?) ungar som var komne hit frå Bergen. Dei budde i gamle Hartmannhuset. Kva dei gjorde der eller levde av skaffa eg meg ikkje greie på. Eg leika litt med eldste sonen, Audun, som kunne sykle. Faren var innom oss rett ofte og fekk, eller kjøpte egg og andre matvarer vi skaffa frå garden. Då dei reiste tilbake til Bergen etter krigen, let Torkildsen far få ein del fint verkty han hadde hatt. Fire flotte salvesker fekk han og. Av desse ordna han skuleranslar til oss ungane. Eit par av dei eksisterer framleis. Eg minnest ikkje at vi høyrde noko frå denne familien seinare.

Mange familiar frå byane var på landsbygda i periodar under krigen. I Rysta minnest eg at dei hadde Stavangerfolk. Nødland heitte dei meiner eg å hugse. Etter krigen såg eg lite til dei, sjølv om dei visst var her i nokre sommarferiar. Det var ein gjestfri heim i Rysta - og eit stort hushald om somrane. Utruleg mange av slekt og kjende var på vitjing.

Så var det Amerikapakkane: Dei kom sendande frå slekta, eller kven det no var, der borte rett etter krigen. Mest klede og stoff i alle slag variantar. Kjolar som fekk mor til å raudne før dei kom ut av kassa, men det viktigaste av alt for ungane - i alle fall for meg: Der var gotteri. STORE militærgrøne boksar med karamelliknande snop som smakte som det reine under. Han "Mil" hadde boksen sin i årevis, verka det som, og det vart gjennom åra rend mange golv med hes på "Milmarka" mot betaling i "under".

(Svært mange kjolar vart temmeleg kjapt klipte til golvtepperemser etter det eg kan hugse. Gjerne etter ei mellomlanding på inste stabburet).

I 1945 og i nokre år frametter hadde bygda 17.maitog i storleikar det no berre kan drøymast om. Barnetog om morgonen og folketog seinare på dagen. Barnetoget starta oftast frå Hammersvika og gjekk til kyrkja og attende til gamlebanken. Folketoget vart sett opp ved gamlebanken - eller nedanfor skulen - og gjekk til Bergsbygda (Hartmannlada) eller til Liset. Eg hugsar eitt år folketoget var så langt at då hornmusikken snudde ved Hartmannlada var det framleis tett med folk på veg over "Bortneskjepet".

Då som no starta dagen tidleg. Når mor hadde dressa oss opp, lessa far oss på sykkelen og la i veg til startstaden for barnetoget. Mor kan eg ikkje hugse var med ein einaste gong desse føremiddagane. Heller ikkje besteforeldra. Vi reiste heim att etter barnetoget og ut att til leikane klokka 13.

Leikane var stort sett kappspringing (både for store og små) på vegen på Hamremyrane, men eg minnest at sekkeløp også var på programmet av og til. Folketoget starta i 3-tida og etter det starta festmøtet med talen for dagen, korsong og allsong.

Om kvelden hende det at far og mor sykla til Nabben for å vere med på festmøtet som indremisjonslaget skipa til i skulehuskjellaren. Fjøsstellet var då unnagjort litt tidlegare enn vanleg. For andre interesser var det underhaldning, musikk og dans i bankkjellaren.

Eg var alltid fascinert av hornmusikken. Spesielt godt hugsar eg han Johan Pileberg. Eg trur han måtte vere nesten like dyktig på kornetten sin som Paul Berstad var til å syngje. Elles var det med Grytingar, Sverre Pileberg (m/"stortromminnje"), Olav Ervik, («Klokkarlæf») hadde «lisjetrommå». Fleire generasjonar Krakereid var og representert, og ikkje å forgløyme: »Stavinj» og «Assa skrubb» frå "Skrubbehaugen". Det var dermed nokre få familiar som hadde folk i «musikken». Kvar dei hadde lært å spele anar eg ikkje, men talent hadde bygda i rikt mon då og.

Siste tida korpset var i sving var bror min Leif ein av "trommisane".

Ein annan attraksjon for meg, spesielt 17. mai, var Selje mannskor med sine om lag 20 mann. Under leiing av gamleklokkaren Hilmar Ervik var dei svært dyktige, også målt med dagens mål. Namn som Berstad, Hove, Berge og Grytting var sentrale i mannskoret. "Når fjordene blåner" sit spikra i minnet. Bygda hadde damekor og, og i ulike samanhengar var begge kora saman i blandakornummer.

Det eg likevel hugsar best frå høgtidene (utanfor heimen) er nok juletreffestane i skulehuset på Eide 2. juledag. Det var på ein måte mi jul. Det var visst der eg lærde meg å like song for alvor. Eg var kvart år like perpleks imponert når Paul Berstad stemde opp: «Gjør portarna høga og dørarna vida», med Torvald Kvamme som akkompagnatør ved trøorgelet til Emil og Lovisa. (Denne songen er heilt spesiell for meg enno, sjølv om dagens aktørar aldri kjem opp mot barndomens ideal). Paul hadde denne songen på festane år etter år, og eg gledde meg like mykje kvart år til å høyre den.

Dessutan var det årlege innslag ved «Berstadkvartetten»: syskena Paul, Harald, Astrid og Johanne. Av og til var også broren Sigurd heime. Han hadde vakker tenorstemme og song mykje solo, men etter min smak kom han ikkje opp mot røysta til Paul. Ja, det var stemmer det! Då Astrid reiste frå bygda overtok ho Anna (på Haua) Berstad (som seinare vart gift med onkel Arthur) hennar plass i kvartetten. Anna vart elles den som spelte til gang rundt juletreet då Torvald og Marie Kvamme takka av.

(Det var ei stor oppleving for meg i vaksen alder å få syngje i Seljekvartetten der Paul og Harald også var med. Dei deltok til langt over pensjonsalder. Nok ein gong måtte eg undre meg over Paul si ekstraordinære stemmeprakt. I sin høge alder song han like enkelt både fyrstetenor og andrebass).

Losje Eidshorn (IOGT) var alltid arrangørar av denne festen, og det var same gode, trygge ritualet kvart år. M.a. var losjeavisa «Lyngblomen» fast innslag. Ein av medlemene hadde som oppdrag å skrive den - og så lese prestasjonen. Ofte fall denne oppgåva på ungdom eller store born. Eg var sjølv i elden eit år då eg var i konfirmasjonsalderen. Det var ikkje sjølvforfatta stoff, og i dag kan ein lure på kvifor ein la på seg slike bører. Ein skreiv i alle fall av ei juleforteljing (gjerne med fråhaldsappell), og eitt eller fleire juledikt frå eitt av dei mange julehefta som var så vanlege då. (Ein kunne like gjerne ha lese rett frå heftet skulle eg tru). Men slik var no denne tradisjonen. Nokre av ungdomane lærde seg i alle fall å stå fram i forsamling - i tillegg til at skrivedugleiken deira truleg vart styrka.

Det var seriøst innhald i desse kveldane. Noko som alt då tydelegvis appellerte til mi oppfatning av kva som var julehøgtid.

Folket frå Bergsbygda til Berstad var i skulestova og hørde på, same kva som var på programmet. Mennene/gutane frå sørsida av Moldefjorden heldt seg bak i gangen, men var mest i kjellaren der maten, kaffien og nokre av kvinnfolka heldt til. Trongt om plassen var det i alle fall. Det kunne vere fire ringar rundt treet - og tilskodarar i tillegg. Men stemninga var topp, og juletregangen varde til langt på kveld.

Kva var det som gjorde at denne tradisjonen datt ut? Truleg at min generasjon, som kunne førd den vidare, vart borte frå bygda frå vi var i 17-18 års alder og fekk nye impulsar (eller vart avlærd dei gamle). Då - eller om - vi kom heim att var det kanskje eit ork å ta opp att tradisjonen. Kanskje var tida slik at å freiste å ta att eller starte ein seriøs skikk var blitt flaut - eller eit ork? Rett nok var vi ikkje mange unge att i bygda då heller, men eg spør enno i dag: Kvifor prøvde vi ikkje? Kan hende hadde vi og oppdaga at det var enklare å betale for det ein ønskte enn å produsere det sjølv.

Det formelle og ideelle organisasjonsgrunnlaget som losjen hadde vore var dessutan borte frå slutten av 50-talet. Kulturomgrep, livsvilkår og åtferdsstrukturar var i kraftig omforming her hjå oss og i denne tida. Kor om allting er: Enno i dag er denne festen eit sagn når 2. dag jul ebbar ut.

IOGT losjen viste av og til sitt sosiale engasjement også. Eg minnest spesielt ein søndag - eg trur det var i 1953 - at det var arrangert tur til Seljøya og klosteret med moglege rekruttar. Det var visst eit felles arrangement med losjen i Måløy. Eg hugsar ikkje detaljane så nøye.

Eigenleg viste eg ikkje at eg var ”rekrutt” heller, men det var sikkert ein fin tur. Trur Aslaug og Leif var med og.

Sundagsturane til Berstad, til syskenborna, onkel Arthur og tante Sofie, morfar Lars og mormor Ane var andre høgdepunkt. Vi ungane var dobbeltsyskenborn. Vi besøkte dei, og dei oss, minst ein gong i månaden trur eg. Berstadstranda var spennande å gå før nyvegen kom, og det var veldig vakkert der inne, spesielt sommarkveldane.

Elles var vi flittige gjester på «Neset» hos Harald og Klara, Kåre og Arnhild (Håkon kom for seint til). Der nede vart eg kjend med Ole Erik (Mikkelsen) frå Bergen og Ame (Lothe) frå Måløy. Eg minnest vi hadde det mykje moro ilag - utan at eg eigenleg kan gjere greie for kva vi gjorde på. Det finst nokre få bilete frå denne tida. Harald hadde ”kasseapparat” og han knipsa litt av oss på Ytre Lesto også. Det er han som har teke bileta av oss sysken og mor og far som er med i dette ”kompendiet”.

Berstadfolket, Harald og Klara og dei andre naboane i Lestogardane var dei som stort sett utgjorde nettverka våre, og dei vi hadde mest omgang med. Losjemøte, kyrkjesøndagar, julefestar, ein sjeldan basar og stemnetur i tillegg til sporadiske vitjingar/gjenvitjingar av folka frå Nordpollen, Klokkarvika, og ”Bernane” utgjorde stort sett resten.

Men med sitt samfunnsengasjement og si deltaking både her og der var far kanskje eit unntak. Han kjende mange. Men verda var større for dei fleste den gongen, og omgangskrinsen meir avgrensa.

Det var stort når vi ein sjeldan gong kunne vere med på ein tur til Måløy. Rutebåten gjekk annankvar dag trur eg. Men både ”Holminj” (Andreas Hove) og ”Anton A” (Anton Berge) hadde skysståtar, og dei supplerte ms ”Måløy” og mb ”Laila”. Vi var med dei og til Måløy av og til.

Av mor si slekt (gamlefolket) i Nordpollen minnest eg morbror hennar, han Rasmus. Folket vårt der borte var kjende for å vere pietistisk religiøse (lesarar), og Rasmus gav meg mi fyrste andaktsbok i konfirmasjonsåret mitt (1953). Men vi hadde ikkje mykje kontakt med denne delen av slekta vår. Truleg mest fordi ein måtte nytte båt til eller frå bygdene der i sør.

Dei fleste av ”Polljafolket vårt” dreiv småbruk med fiske som attåtnering - eller omvendt. Mannen til Lina, (ei av mor sine syskenborn der borte) Anders Håvik, var fiskar på heiltid med eigen båt, og han produserte ein del salted, krydded og kryddabrisling av eigen fangst for sal. Det var stor stas heime når han kom på sitt årlege besøk med spanna sine til oss. Eg hugsar m.a. diskusjonane som gjekk om det var det raude krydderet eller det svarte som var best. I byte var det gardsprodukt som egg, frukt og grønnsaker.

Det burde verte lettare å treffe ”polljafolket” då nyvegen til Måløy kom, men av ein eller annan grunn vart kontakta framleis liten og sporadisk. ”Polljakjæringane” - mest Lina - var av og til innom når dei var på Nabben i doktorærend. Elles vart det heller smått, bortsett frå at mor og far var på nokre få visittar då far fekk bil. Mor hadde syskenborn i Almenningen og i Hardanger og. Desse såg vi svært sjeldan (Hardangerfolka var på vitjing ein gong, men vi reiste aldri til dit), men mor brevveksla med dei minnest eg.

Morfar si slekt var det lite fokus på av ein eller annan grunn. Kan hende hadde han ikkje så mange att, men det lyt eg sjekke ein annan gong. Faktisk veit eg eigenleg ingen ting om dei omfram det som kan gå fram av bygdeboka. Det finst moglegvis noko opplysningar i dokumenta onkel Arthur let etter seg.

Han ”Mil” må nemnast særskilt. Han var farfar sin bror og hadde kjøpt småbruket (bnr. 3) på Lesto. Han hadde gått på Mo jordbruksskule, og var den einaste av syskena (i alle fall dei som var att i Noreg) som hadde skulegang utover omgangsskulen. Han vart flittig vitja av oss

ungane, ikkje berre for å gje han ei hand i slåttonna eller å handle for han på Nabben, men vi oppfatta han som ein triveleg kar. Tanta hans, ho "Gaml Ane" - syster til oldemor Johanne - budde i same huset. Dei levde i kvart sitt rom i den vesle stova. Huset var dei to roma, ein stor gang og loftet. Dessutan ein lav og utett kjellar av opplødd stein. Bygget var i tømmer med torvtak - uisolert og primitivt. Begge roma hadde vedovn, men Mil skifta etter kvart over til ein enkel elektrisk komfyr. Men desse to hadde små materielle krav og var laga av sterkt stoff får eg meg til å tru. Mil kjøpte t.d. sjeldan klede. På ymse vis kom han over avlagde plagg her og der som han truleg fekk – eller ev. kunne kjøpe for ein rimeleg penge. Likeeins med sko. Hugsar måten hans med gummistøvlar. Når dei tok til å sprekke rundt oklet då kutta han berre ei høveleg høgd av støvelskaftet og tredde ned over den defekte delen.

Han var ein godsleg kar som ikkje berre ytte ein karamell for arbeid, han hadde som regel eit wienerbrød, kveitbrødbit eller fenalårflis på lur når vi var innom elles og. Han var ein tettvaksen plugg av ein mann, og styrken hans var ålment kjend. Minnest han seinare fortalde meg at han i alder av i om lag 70 år la to femtikilo gjødselsekkar i "børatoje" og bar dei frå låven til garfjosen utan kvild - for "å sjå kor da sto te" som han sa.

Som bror sin hadde han nok djupare botn og meir kjensler enn det av og til kunne verke som. Eg minnest frå ferdadagen til farfar, båra hans var komen til vegen og skulle inn i bilen til Robert Nøstdal - då kjem Emil bort. Han dunkar lett i bårelokket med staven sin og seier: "Du får ha lokke på reiså då Ola farr".

Eg minnest han hadde rotter i fjøset av og til – mest om vinteren. Dei prøvde han å fange i ein stor gamal kaffiboks (open oppe og med luke nede – nesten som ein foringsautomat) som han hadde fått fatt i på ein eller annan butikk. Han lukkast med fangst av og til, og om vi var i nærleiken fekk vi vere med å ta livet av dei stakkars dyra med greipar eller høygafnar når han tømde dei ut på skaresnøen. Fæle greier sjølv sagt, men eg hugsar ikkje spesielle tankar hos meg om dette.

Litt meir om arbeid, aktivitetar og ymse på Ytre Lesto

Eg må ta med innleiingsvis at vi aldri hadde oppleving av å mangle noko her i heimen. Huslyden var langt frå å vere mellom dei økonomisk velstående, men vi hadde det vi måtte ha, og vel så det. Og kvaliteten av alt var fyrsteklasses - endå det meste var sjølv laga. Både det som var nytta inne og mykje av det som var ute, og av både mat og klede - heilt til fram på 1950-talet. Forsytarane sin store arbeidsinnsats, deira gode og mangsidige kunnskap, innsikt, praktiske dugleik og evne til å sette tæring etter næring fekk oss mest til å oppleve overflod. Dessutan: Der det finst overflod av kjærleik saknar ein ikkje så lett noko anna.

Som eg minnst det hadde alle vaksne meir eller mindre sjølvpålagde og dels sjølv sagde personlege plikter knytt til dei ulike aktivitetane på garden: Ute, inne, fjøs, låve og eldhus osv. Dels sesong/onneprega, dels daglege. Leif er inne på ymse.

Før naturalhushaldet førde med seg konstant arbeid i tallause gjeremål. Utanom aktivitetane knytt til gardsdrifta var vinteren t.d. "vevreiden" og rokken si tid innomhus. Fyrste gongen eg hugsar vevreiden i bruk stod den i storestova - til venstre for døra når ein går inn. Seinare var den plassert i stabbursgangen. Renning til veven vart gjort i framkjellaren. (Eg hugsar farfar fylte rennebommen med tråd ein gong). Det er den dag i dag råd å etterspore plassen der rennebommen var festa i taket. Etter at vevreiden vart montert på stabburet, vart vevinga meir ein aktivitet for ledige stunder enn for vintersesongen spesielt.

Det vart vaska ull, karda og spunne, tova "lodda", klipt fillestrimlar, veve golvteppe, strikka og sydd. Rokken sin plass var alltid ved omnen i lisjestova, og var stort sett bestemor sin reiskap.

Farfar batt (laga) og bøtte (reparerte fiskegarn) på ysteloftet, seinare i lisjestova. Han barka nøter og garn i fjøsen og under stabburet, og han sløgde og hengde opp "torresild" på låven og han la ned saltedild. Tinde oppatt river, reparere vogner og hestesele og anna utstyr og reiskap var sjølvpålagde vinterplikter. Og han reparerte/laga potetkasser.

Det let elles til at veden var hans ansvar for det meste. Det var praktisk å ta trea i frosten, då vart ikkje marka skadd så mykje når hesten drog stokkane. Dessutan heldt han ved like lageret med hesjestaur, og ikkje minst så vakta han året i gjennom nivået i "dostampen".

Far var mykje ved høvelbenken i sine få ledige stunder og om kveldane. Eg trur han likte slikt arbeid, sjølv om det sikkert og var "nauda som dreiv". Eg hugsar han laga møblar til kjøkken, bokreolar, salongbord, stolar til matbordet i storestova, senger, divanar, gyngest, trehjulsyklar, sparkesyklar, dukkevogner og dokkesenger, kjelkar, leikebilar o.a. Han laga og "møkasleden" og høyvogna. Kinna også - den som står på stabbursloftet no.

Til mykje av møbelsnekringa nytta han vyrke av alm, frå her på garden. Grovarbeidet med saging og avretting tok han med til Gunnar Hamre ("Gunnar i Urinje") som hadde verkstad ved huset sitt ovanfor "Gamlebankja".

Restar (kappet) av materialen far nytta vart både byggeklossar og anna "praktisk" vyrke for gutungane. Men eg minnst og korleis det vart teke vare på appelsinkasser som vart til hyller i kjellar, stabbur og låve, til nattbord og til "lambeæte" i fjøsen.

Når ein ser på kvaliteten på sløyd og snikkararbeidet far og onkel gjorde og samanliknar med det eg sjølv presterte - er tanken nær at dette med utvatning av praktisk dugleik og handlag grunna betre tekniske hjelperåd - og krav til rasjonalitet - ikkje er av heilt ny dato. Interesse,

omtanken og prestisjen ein la i arbeid var viktige for resultatet - noko som vart meir og meir vanskeleg for mange etter som velstanden gradvis tok knekken på motivasjon i høve til mange tradisjonelle praktiske dugleikar. For min del tenkte eg heller ikkje særleg over at t.d. sløydlærdomen kunne ha nytteverdi i framtida og at eg tileigna meg basis kunnskap eg kunne lære vidare til einkvan.

Far gjorde også somt smiearbeid i eldhuset - der grua var. Gardsdrifta medførde stundvis trong for slik aktivitet og kompetanse. Så vidt eg hugsar var det ingen smed i vårt nærrområde, og økonomien tilsa vel at slikt arbeid som det meste anna måtte freistast ordna av ein sjølv. T.d. lagde han jerna til meiane på møkasleden sjølv. Krokane til torvtransport på løypestrengen skulle vere klar til sesongane, og mineborar skulle kvessast. Han hadde ambolt og smietang å hjelpe seg med, og i tillegg eit heimelaga spesialutstyr: Eit gammalt og tungt strykejarn av støypejarn der trehandtaket var borte. Dette hadde han dunka fast i ein stabbe, og brukte det som anlegg for ulike arbeidsoperasjonar.

Bestefar og far kunne tilreie huder og skinn (garve). Dette minnest eg berre så vidt. Det vart vanleg at skinna vart seld ferske. (Salta på og sende med båten til Bergen). Dei kunne og verte selde til A. O. Salt, som var dugande slaktar, men som på eldre dagar hadde handel av skinn som geskjeft. (Som betaling fekk ein kanskje ferdig tilreidd vare i byte). Eg hugsar far fekk heim ei konjakkfarga hud heim eingong. Av denne laga han både dokumentmappe til seg sjølv og andre vesker. ("Stavinj" hjelpte til).

Ulla vart levert til han Per og ho Andrine Berge som var kontaktpersonar for "De Forenede Uldvarefabrikker" (DFU) i Sandnes.

(Etter at eg møtte Anne Lise oppdaga eg at rett adresse for DFU er Ålgård. Aktivitetane i firmaet som i si velmakt hadde 600 tilsette er no historie. Det er visst enn så lenge att eit slags eigarselskap for nokre restar av bygningsmassen).

Både far og bestefar laga tresko til gardsfolket sitt bruk. (Skobenken har Leif alt skrive om). Det var spennande å sjå kor skoa utvikla seg under kyndige nevar. Eg hugsar at alt var heimelaga i krigsåra, men rett etter krigen vart det vanleg å kjøpe botnane. Ikkje mange åra gjekk heller før det vart vanleg å kjøpe heile "trelappe-parå". Å halde desse skoa "gangbare" til ei kvar tid var nødvendig og viktig. Sålelær av ulike slag og "skospararar" var alltid på plass i skobenken. Også noko tjukt sålelær og "lappennane". Dette var trepinnar, om lag 2cm lange og fyrstikktjukke - spissa i eine enden, og vart nytta når ein la sålar (oppbygging) under treskoa. Spikar eller stiftar var visst ueigna til slikt. Såleleret vart skore til rett storleik og fasong med skokniven. Så vart det bløytt. Deretter sette ein hol i kanten av læret med syl for deretter å stifte det på plass med desse pinnane. Her vart den spesielle "pinnjehammaren" nytta. Det var ein reiskap som skulle skjøttast med varsemd. Eg hugsar ein gong eg hadde vore i skobenken og funne den for å dunke nokre spikrar i eit eller anna. Bestefar såg det og vart ublid. Den måtte ikkje nyttast til slike oppgåver.

Halvsåling (legge nye sålar på [sole opp att] vanlege sko) var og eit gjeremål karane meistra. Hugsar enno korleis dei tvinna lengder med "bekatråd" av lin/hamphyssing og grisebust. Men etter kvart vart det vanleg å ta sko med "ut te Stava" - han Gustav Hamre - når dei trong flikking eller reparasjon

Det var vanleg med innleggssålar i kvardagssko. Vinterstid nytta heile familien mykje høy eller halm som innlegg i gummistøvlane, elles gjekk det mykje på "gråpapir" av forsekkar. Farfar brukte høy heile året. Ikkje berre for varmen, men truleg og fordi han alltid kjøpte støvlane rikeleg store.

Mor sydde klede, og sydde om att klede – kvar veke trur eg. Og stelte hus og mat og ungar - ungar/hus/mat. Bestemor strikka sokkar og lester og ullundertøy til heile huslyden, og det var ein heil jobb å halde ullundertøyet til bestefar reint og i orden. Kor mange sokke- og lestepar bestemor strikka veit eg ikkje, men hadde ho ei ledig stund var ”spøtene” alltid framme. Ein del av strikkearbeidet vart teke til fru Løken etter krigen.

Men begge kvinnene deltok i mest alt anna arbeid i tillegg - heile dagen. Det letta truleg litt på nokre oppgåver for dei då det kom ”Vaskebjørn” i eldhuset rundt sekstitalet.

Dyra trong stell støtt utanom i sumarsesongen. I nedste fjøset var det mjølkekyr, kalvar og storokse. I øvre fjøsen hestestall, sauer og høns. Ei tid hadde far og rugekasser her. I grisehuset hadde vi både griser og utegangarar (svartfjessau).

Eg minnest vel korleis vi slakta heime. Etterkvart vart storfeet selde som livdyr – sende med båten frå Nabben til slaktar i Bergen. Då det vart slaktehus på Nordfjordeid var sauene sende dit.

I grisehuset var og utedoen - i sørausthjørnet ved døra. Den hadde ”tohola” benk frå si glanstid, då det var mange menneske i garden. (Det måtte vere spesielt og interessant sosialt samkvem det å kunne operere flokkvis i doaktivitet). Det var denne sentrale installasjonen som under fyrste verdskrigen bar namnet ”Keiser Wilhelm”, sjå onkel Arthur si bok. Den vart etterkvart omgjord til ”gare” for svartfjessauene, og den nye ”dokiosken” (som faktisk eg spikra saman) ved søraustnova på grisehuset fekk halvert kapasiteten. Noko som sjølvstilt var relatert til tal brukarar.

Gardsdrifta hadde sine ulike behov og ulike plikter for ei kvar tid av dagen, veka, månaden og året: Mjølking, separering, fore dyra og kinning. Saueklipping vår og haust, blesming i november, ruging, kalving og lamming. Foring og mjølking gjekk føre seg to gonger om dagen. Kinning (”kjinning”) ein fast dag i veka. Mange aktivitetar respekterte heller ikkje klokkeslett og datoar. (Det fanst ikkje så mykje teknisk utstyr å regulere prosessar med den tida - kjøling t.d.). Når tida var der måte ting skje: Ikkje før - ikkje seinare, men akkurat på rette tidspunktet. Det var krevjande og spennande, og det meste stod og fall med folka på garden. Tileigna kunnskap, innsikt og røynsle, og ikkje minst ein god porsjon individuell klokskap kom godt med.

Bestefar prøvde å vere den som skuffa møkk unna før mjølkinga, og var oftast den som fekk høyet ned i fjøset. Han ”viska” (drog ut) eit passande fange høy or stålet med høykroken, Høyfanget vart surra saman med ei lengde tvinna høy til høyballer - og kvar ball var meint å vere eit passe ”kumål” - eller høveleg å få ut i ”ætinja”. Det vart ryddigare, og det gav betre kontroll på utnyttinga av foret å gjere slik - heller enn å berre lempe med høygaffel. Han var og med på å ta ut for frå siloen så lenge kreftene heldt.

Eg la tidleg merke til at onnearbeida alltid såg ut til å starta på Ytre-Lesto. Når far/bestefar t.d. tok til å spreie gjødsel (våronna), byrja naboane og. Det same med tidspunktet for slått og potetsetjing t.d. Dette fekk meg til å tru at folka her på garden hadde stor tiltru frå omgivingane i det dei føretok seg. Var både rettleiarar og føredøme, kanskje?

I tida etter krigen var det åker både på ”Dekkja”, vest for Storrøysa og på ”Ekra”. Åkrane gjekk frå vegen og heilt ned på reinekanten på ”Hauane”. Ein periode var det og åker i ”Brattebakkja”, men eg hugsar ikkje kva vi planta/sådde der.

Så fort lamminga var over og sauene komne ut (i siste halvdel av mai) var det å få ut – og breidd resten av naturgjødsla. Å tømme smalegardane var eit ork, å tømme gjødselkjellaren var ikkje stor betre. All lessing var handarbeid. Møkaspreiinga og. Så skulle potetene i jorda. Setjepotetene var fråsortert og klargjord - ofte av bestefar - i mars og sett til groing i kufjøsen. Kyrne skulle flyttast til bakkane, medan kalvane skulle i kvia. Sauene vart etterkvart merkte og sende til fjells. Dette var og tida for å rive/tørke mose og einestabbe til bol ("pondebrøysje") i fjøsen. Så skulle markene horvast, overskot på naturgjødsele rakast saman og plasserast.

Og før hausten skulle fjøsane vaskast og kalkast, fjøsinnreiinga vedlikehaldas og vølast, og ikkje minst måtte åkrane haldast ugrasfri frå vår til haust.

Slåtten var som regel ei stri tid. Eit kappløp med, og ein årvisse konflikt med naturmaktene. Vi trengde rett "tærre" for å få rett tørke på foret som skulle i hus. Enten vi hadde hes, eller tok sjansen på å tørke det på mark, er ikkje slik "tærre" alltid det mest kurante i vår del av landet. Far var ikkje oppteken berre av mengd gras og tærre, men og av å slå gras på rett tidspunkt for at kvaliteten/"forverdien" totalt skulle vere så god som råd på det ferdige produktet. Det var etter hans oppfatning heilt vesentleg både for dyrehelsa, for tilveksten av kjøt og for god kvalitet på mjølka. Siloen vart slik sett eit klimanøytralt framsteg.

Eg lærde meg å slå med langorv då eg var tolv-tretten år. Sjølv om eg som sagt ikkje var ein særleg flittig arbeidsmaur kjende eg meg litt stolt fyrste året eg tok min tøm med langorv heile sommaren (meir eller mindre) - heilt til bakkelada.

Det var arbeid i omlag to og ein halv månad med høy - og håslått, tørking og transport. Høystålet var ein viktig møteplass for ungane i sommarmånadene, og mangt eit krumspring var gjort og mangt eit eventyr fortalt og forfatta der nede i høybroten.

Eg minnest vel drengane vi hadde i krigsåra og litt etter, både han Sverre i "Låninje", respektlaust kalla "Lånasvartinj", (han var dessutan av tjukke slekta), Arne Sæbø og han Bård Thunold (morbror til Aasta Hamre). Somme av Berngutane hadde hjelpt til før krigen.

Slipesteinen, som Leif skriv om, sto ved nordvestnova av eldhuset, eit par meter vestafor, før den vart flytta bak stabburet. Dette var ein viktig hjelper året rundt, men vi ungane tykte den var ressurskrevjande. Noko av det mest trøytsame eg visste av alt det eg misslika i guteåra, var å sveive når far skulle kvesse slåmaskinkniven. Det tok så uhorveleg lang tid.

Det kom såleis vel med at vi i periodar hadde dei nemnde drengane i sommarsesongen. Lars og Jon Listhaug (pønde gara [syskenborna til Ane og Lilly]) var og drenger i kortare bolkar.

Haustonna kom med potettaking, hausting av grønsaker, frukt, bær og korn. Sauesanking, slakting og vedhogst. Noko ved vart teke om hausten, men vinter og vår også. Sjølv sagt var veding viktig i seg sjølv, men som regel slo ein to fluger i ein smekk: Garden måtte vere ryddig. Lauvskogen skulle ikkje få fotfeste i mark og eng.

(Farfar fortalde etter sin far at det på eit tidspunkt – truleg midt på 18-hundretalet - var alle fjellsider avskoga grunna veding - heilt til topps. (Mykje folk i bygdene). Det vart meg fortald at ein mann frå gardane omkom under veding på ein av dei utsette stadene øvst i Storehonnjet. Beitedyra viste å halde vegetasjonen nede også, så vedamangel var nok problem i periodar.

Vanlegvis plukka vi blåbær og tyttebær i Blombakkane og Nakkemyra. Hausten 1949 eller - 50 tok far oss 3 (eg trur Leif var med) eldste ungane til fjells for å plukke tyttebær. Det var eit par års tid etter brannen i alle fall. Vi hadde rusta oss ut på beste Prøysenvis med både hylkje og spann. Vi fann noko bær dei fleste stader, men det vart ein lang tur. Då vi kom til

Eidshornet fann far ut at vi fekk gå ned langs Røyrdalselva og heim langs vegen derfrå. Der kom vi borti tyttebær kan du tru! Det hadde brent der og - heilt frå vegen og opp til topps, og i denne sørvende lia vart alle bøtter og spann fulle. Far hadde med oljedress på turen. Den vart knytt føre på både armar og bein, og jammen vart dette og mest fullt. Skal ikkje seie for sikkert kor mykje bær vi drog til gards, men det måtte vel vere oppunder 40 liter. Vi hadde ein periode både bringebær og jordbær på Slaktarvollen. I tillegg til frukt - og bærtrea i hagen øvst på Ekra.

Ein spesiell aktivitet i vår/sommarsesongen var torvtakinga. Sjølv om eg var ein som lurte meg unna dei arbeidsoppgåver eg kunne, likte eg «å vere i torva». Torvteigane som var nytta av Ytre-Lesto, i den tida i alle fall, var mest på vestsida av Storelva - i myrane opp mot Rasmusvatnet. (Dette vatnet, som er [var] kjelda til "storelva", grodde att frå tidleg på 60-talet. No kan ein gå turuskodd der det tidlegare var eit tjern på eit par mål storleik). Mange faktorar er nok årsak til at dei små fjellvatna forsvinn. At fjellet var som det var fram til 50-talet kunne vi som nemnd takke geita og andre beitedyr for i tillegg til vedsankinga. Mange gardar hadde geit fram til etter fyrste verdskrig, nokre endå til siste krigen. Men etterkvart som elektrisitet vart vanleg energikjelde, og dyretalet minka, tok skogen over att i liene. At naturforholda dessutan varierer har sjølvsagt sitt å seie også.

Ein del av dei store fururøtene vi fann i myra, vart sende til gards på løypestrengen. Det var eit stoff vi var forsiktige med. Dei skulle brukast til kveikje, i svært små porsjonar. Dei fata fort, utvikla ein voldsam hete, og brann så intenst at omnane kunne verte øydelagde, vart det sagt. (Bestefar likte det no heitt og godt han, voldsamt heitt. Rett etter krigen vart det vanleg å kjøpe kol og koks til fyring, og han fyrte til gagns). Kan ikkje minnst at det vart kokt kaffi i fjellet. Vi bar med oss "torresild" eller/og spekeflesk og kalde poteter som proviant. Dette var enkel, men kraftig kost for utøvarar av tung fysisk aktivitet. Og ikkje minst var det lettvin og praktisk mat. Vi hadde og med flatbrød og spann med surmjølk.

Torvet vart fyrst teke ut som "stompar". Til dette nytta vi torvknivar: Sverdliknande knivar, om lag ein meter lange med meterlange skaft. Vi skar ut firkantar langs torvgrøftkanten, om lag 25 cm breie og 40 cm lange. Desse firkantane vart spadd ut om lag 25 cm djupe, og "stompen" vart då eit passende handterleg stykke. Samstundes ville den gje det ferdige produktet om lag rett dimensjon for omnsdøra. Stompen vart delt i skiver på omlag 5 cm tjukn. Desse skivene breidde vi utover lyngmarka, og etter passe tørking vart det å ta ein tur i fjellet att og stabla dei i "torvstakkar". Slik stod dei til det var tid å sende dei til gards. Dei gardane som hadde torvhus på fjellet lagra gjerne torvet sitt der. Ytre-Lesto hadde ikkje torvhus på fjellet i mi tid. Av og til vart hesten brukt til transport, både til stakkefeltet og fram til "strengspelet".

Det var ei spesiell stemning ved torvhuset når meisane med torv (meisa likna ein bag av nett laga av snøre/tauverk) kom huiande ned løypestrengen. Torvhuset vart omlag fullstabla. Torv gav lun og god varme, og det la ei eim av frisk lukt i stova. Det er litt vemodig at det er over med denne aktiviteten også. Det var kjekt å arbeide i fjellet, og mest vemodig er det at *nok* ein årelang tileigna kunnskap er på veg ut. Eg kan hugse at løypestrengen slitna ein gong, og det var komplisert arbeid å få den reparert. Den måtte leggest ned, og det var skikkeleg smiarbeid å få den skøytt skikkeleg. Sjølv sagt var det far og bestefar som gjorde den jobben også.

Turrkrøttera og kalvane var på sumarbeite i Almklovdalen nokre år, og eg kan så vidt hugse at eg ein gong fekk vere med på fedrifta frå Lesto, og eg hugsar at vi gjekk. Om vi hadde med hest og vogn kjem eg ikkje på. Eg sat rimelegvis på i så fall, men eg minnest det var frykteleg langt opp i ”Dalinj”.

I krigstida dyrka vi og noko korn på garden. Mest bygg og havre trur eg. Det vart storhende når hausten kom og Anton A. Berge starta motoren som dreiv ”troskeværkje” i bygda. Ikkje mindre spennande var det å ro til kverna på Berstad i færing nedlessa med kornsekkar, få det malt, og så heim att. Det var ikkje gjord på ein dag, så det vart vanlegvis fleire roturar til Berstad i dette ærendet. Motoren til treskjeverket var etter kvart seld til Karstein Tonning som nytta den i seksæringen han kjøpte av far/farfar.

Eg kan hugse at Lestokverna var i gang ein gong. Kvernhuset låg på vestsida av elva, rett innafor der huset på Solvoll no står. Der var han Anders (Lisjerystinj) ”maskinist”. Eg fekk smake nymalt bygg av han ein gong. Smaken av det enno varme, grove mjølet sit framleis i ganen. Eg er ikkje sikker på kvifor det vart rodd til Berstad. Det var kan hende fordi Lestokverna ikkje vart vedlikehalden nok eller mangla kapasitet.

Eit par år hadde vi tomatplantar også. Dei fekk utvikle seg i stoveglaset i lisjestova.

Utanfor eldhuset var det gjerde mot hjørnet på grisehuset. Nedanfor dette gjerdet hadde mor og far nokre år ei ”seng” der dei dyrka graskar. Dette bedet vart rikeleg gjødsla med hestemøkk. Resultatet var svære gule graskar som smakte svært godt sylta. Rabarbraen vaks villig ved søre eldhusveggen. Noko av mine favorittsnacks var likevel tørka frukt. Mor hadde ein spesiell omn, eg trur nærast det var ein slags ”forsats” ho sette på vedkomfyren. Her vart turka store mengder plommer. Eple og pærer vart skiva og tørka og. Det smakte storveges, både som dei var - og i søndagsdesserten.

Fiskeri var ein viktig del av matauken. Vi ungane var ikkje gamle før vi fekk lære å ”tøyme” om våren/sommaren. Det starta med at vi fyrst måtte i Lestovika ved fjøre sjø for å spa sandmakk. Denne vart nytta som agn på dorgesnøret. Skeisluk var og brukt på dorga, men mest vanleg var lineanglar med eit lite blysokke. I mangel av sandmakk kunne vi t.d. nytte ein bit turt fiskeskinn på kroken. Så andøvde vi langs landet i færingen - mellom Hartmannskjeret og Lestoneset - med om lag 10-15 famner snøre ute. Om lag 20 meter frå land var vi vel på det jamne - medan vi venta på småtorsken.

Innimellom var det pilketurar. Svenskepilken var ein reiskap som hadde fått ekstra godt rykte som fiskefangar. Eg hugsar far kjøpte ein slik, men om den svara til vonene kan eg ikkje minnast. Om vinteren hadde vi torskegarn ute. Alt etter sesong vart nytta både sild/makrellgarn og etter kvart også såkalla ”trollganj”. Om sommaren var det dorging både etter makrell og sei - storseien. På det jamne var det visst meir fisk i Moldefjorden i den tida enn no.

Lestogardane hadde eit par notbruk også, og dei vart av og til vart brukt i ”Mil-osa” og i ”Lestovikjinje”. Det var nærast å rekne som tidtrøyte for mogleg ledige ettermiddagsstunder sommartid, og formålet var å få blankfisk, eller ”kræde” som det heitte i våre hus. Resultatet var ikkje alltid det store, men det var ein triveleg sosial aktivitet der alle tok del. Kasting etter småsei (mort), var og ein sumaraktivitet. Både i osen og i Saltasundet.

Ein vinterdag fekk eg vere med å andøve færingen medan bestefar drog torskegarn. Vi hadde faste plassar (méder) for garn, m.a. ved "Saltskjeret". Bestefar kunne vere rundhanda med velvalde gloser, og under draginga denne spesielle dagen høyrde eg brått han sette i eitt eller anna – som enda med: "dinnja svartens grisinj". Eg forstod etterpå kva han hadde tenkt og trudd der og då, men det kom i alle fall om bord ein kjempetorsk, eg trur den var fram i 20 kilo. Grå, feit og fin var han – og kvit i buken.

Bestefar hadde eit par dagar i førevegen måtte dumpe ein smågris som hadde krepert. Då det truleg var tele i marka og vanskeleg å grave, måtte kadaveret på havet, og som regel var området rundt "Saltskjeret" lagleg - ikkje berre for garnseta, men og for ymse «problem». Det var der grisekadaveret var hamna -og som bestefar no trudde hadde kome i garnet då han augna stortorsken.

Ein gong var eg med far, farfar og "Rystanders" ut i skjera ved "Saltafyr" for å kaste etter småsei/mort med not. På fyrste draget stod Anders åleine på ei nesten nedflødd bergnase og hala inn eine enden kavl, men tampen var truleg festa dårleg - eller var skada. Den slitna i alle fall, og "Lisjerystinj" letta frå bergnasa han stod på - gjorde ein fin baklengs salto og forsvann med hovudet fyrst i pøyta bak - men kvelva seg rundt i vatnet og oppatt på berget - med eit tydeleg gryl. Alt hende på få sekund. Vi måtte le må vite, for spesielt var det - og det gjekk jo bra. Men han var i rimeleg slett lune, sur og ilter, der han sat oppe i lyngtuene og vrei turr kledda, men etter kvart lo han og - og eg kan trygt seie: Anders kunne le.

Mor var veldig flink til å lage fiskemat også. Seibiffen, plukkfisken og prinsefisken hennar minnest eg som sagn. Og ikkje minst hennar vedunderlege fiskekaker - hundretals om gongen verka det som. Det blandinga ho hadde av løk og muskat har ingen til dags dato gjort henne etter i mitt minne. Det er heller ikkje vanskeleg å hugse sildemåltida og innmat kakene av sild - som ho var meister for.

Fiskelever vart det overskot på. Denne vart ikkje kasta, men oppbevara i ein kagge i naustet. Etter å stått der lenge nok «lysa» den seg. Den gjekk med andre ord over til trankonsistens. Dette temmeleg illeluktande stoffet vart nytta både til å smørje «Lonnjane» og slipesteinen med, og om eg ikkje tek feil var den og nytta som basis i måling som kunne smørjast på naust og uthus. (På slipesteinen nytta vi og fleskesvor under akslingen som smurning).

Det var råd å få levert lever til «Gar-Johan» ei tid, for han hadde trandamperi på Nabben. Men dette kan ikkje eg hugse vart gjord frå oss.

Eit år fekk vi så mykje fisk at det vart laga klippfisk på tradisjonell vis ved naustet. Når den hadde lagd rett tid i salt vart den lagd til tork på vorrane og rundt "Bruraberje" kvar morgon. Om ettermiddagen vart den stabla saman på skikkeleg vis (sirkelrundt med spordane mot midten) og med fiskehatten lagd over. I godt ver kunne fisken ligge på berget fleire dagar i trekk sjølvsagt. I løpet av sommaren kunne den takast i hus og lagrast.

(Fiskehatten enda forresten sine dagar som tak på ungane si hytte under hatlane nedanfor Slaktarvollen [no Solvoll]).

I torskesesongen på oldefar si tid - og tidlegare, starta gjerne dagen for karane i tre/fire tida om morgonen, fortalde bestefar. Dei hadde båtane på Nabben og måtte gå dit. Seksæringen måtte så roast frå Nabben og ofte heilt til vest av Stad. Garna skulle forfarast, fisken takast ombord og stellast og vegna haldast vedlike. Som regel var ikkje karane heime før ut på kvelden. Det måtte vere tøffe dagar både for fiskaren og dei som skulle stelle alt heime. Oldefar sitt matskrin tida finns enno i kjellaren i gamlehuset.

Fiske på eiga hand fekk vi lov til og det gjekk stort sett føre seg frå "Rystabryggja". Lange hassel eller klungergreiner vart fiskestenger den fyrste tida vi "praktiserte", men etterkvart fekk vi bambusstenger. Vegna elles var hampesnøre og svartanglar, og agnet var "koning". Fangsten vart einseitig, omtrent berre berggylt og "blågom". Dette vart reint sportsfiske, for ingen åt desse fiskeslaga. I rå tilstand var dei til og med "krisekost" for katten. Dei var vonde handtere med sine skarpe piggjar, og fulle av bein var dei også.

Foreldre og besteforeldre fortalde «at alt var endå meir krevjande før», både for liten og stor. Då hadde ein t.d. kyrne på fjellet om sumaren, og det vart mjølka to gonger om dagen då også. Det var vanleg at ungane vart send til fjells alt frå 12-13 års alder for å mjølke. Dei måtte vere morgonfuglar. Starta gjerne i 5-tida for å kome til gards att til arbeidstid. Om kvelden var det reprise på turen omlag kl. 17.30. Dyra her frå garden heldt til i området kring «Leite».

Mor hadde lenger veg då ho var ungjente på Berstad. Dyra deira gjekk vanlegvis i området kring inste Berstaddalen og «Løypinga».

Eg måtte vedgå at eg kjende at eg ikkje hadde så mykje å klage over sjølv om eg som 11-12 åring lærde å mjølke og hadde kveldsrunden til Bakkefjøs av og til sommarstid.

I våre dagar kan ein undre seg over at folk aldri hadde fri. Dei gav seg sannsynlegvis rett og slett ikkje høve til det. Omgrepet (organisert) fritid utover middagskvila var visst ikkje funne opp for nokon del av året. Det var, som nemnd tidlegare, så mange oppgåver knytt til klokke og kalender at fritid, omfram litt på dagtid om sundagane, var eit "ikkje-ord". Sundagane med godt ver var dagen for allmannamøta på Storerøysa som Leif fortel om. Men eigentleg verka det ikkje som om dei tenkte særleg over - eller sakna fritid heller. (Kanskje hadde dei ikkje overskot til å gruble på slikt?). Tilværet **var** travelt og jobben **skulle** gjerast. Det var ei lukke at ein hadde noko å gjera heile året igjennom. Det var på alle måtar garantien for sjølve livet. At gardsarbeidet likevel inneheldt pausar er klårt. Middagskvilda deira mellom klokka eitt og to må ein forstå viktigheita av. Men dagane inneheldt så mange ulike og varierte gjeremål året i gjennom at det kan hende ikkje kjendest å vere trong for ytterlegare spesielle aktivitetar. Det var i alle fall lite prat om sosial omgang som "uteliv" her i heimen. Tid og krefter tillet vel ikkje mykje sprell, ikkje økonomien heller vil eg tru. Idealismen til folket sette sikkert nokre grenser og. Difor vart ulike av dei mange naudsynte gjeremåla der heile huslyden kunne delta gjord til storhende. T.d. å ta turrhøy i godver, torvvinna og potettakinga. Det kunne vere stritt arbeid, men svært sosialt og mykje moro. Men vi borna feira fødselsdagane våre med faste gjester: "Syskjenbonnjå" og "Nesonganje".

På fyrste halvdel av 50-talet skjedde det revolusjon på garden. Då bestemte far at det skulle byggjast silo. Gamle-Ola hadde låke dagar den tida. Silo var eit vekk-kasta prosjekt hans auge. Han jobba likevel som ein helt, som den kjempa han var, med armering og betong. Men han pukka og skjente jamleg - og i kjend stil - over verdens vanstyr og jordbruket si endelikt. Ungdoms galskap hadde aldri førd til noko godt etter hans meining, korkje her på garden eller andre stader. Han meinte kan hende at han Lars burde ha minst like godt vett og forstand som han sjølv, og la gardsdrifta følgje den same trygge og tilvande vegen som var nytta hittil - sjølv om Lars hadde gått på Mindresunde jordbruksskule. Truleg lurte han på kva gale han hadde gjort som måtte tole å oppleve ei slik vanskjebne for gard og grunn (som kunne vere noko av det han gav uttrykk for i fyndige ordelag innimellom). Framsteg var nok like komplisert å forholde seg til på Yste-Lesto som i verda elles.

Far var observant på ting i tida, og følgde godt med kor landbruket utvikla seg. Han abonnerte både på «Vestlandske landbruk» og «Bondebladet», Litteratur om skogbruk las han og, og han orienterte seg aktivt mot tilgjengeleg rådgjevingsteneste også. Plantefeltet er kan hende prov på tiltak han vona og kanskje trudde på vinst av. Her samrårde han seg med Alf Barmen (som var nærslekta til mor) og var aktiv i skogreisingsaktivitetane. Han var god ven og losjekamerat også og vart seinare "skogreisingsleiar" i Selje.

Etter evne og økonomiske vilkår freista far å ruste opp garden ut frå sin tileigna kunnskap. T.d. som nemnd med silo, men han laga og ny innreing i kufjøsen. Noko som førde til meir ulyd frå farfar. Det vart nemleg ikkje plass til så mange dyr i nyfjøsen som det hadde vore i den gamle. Det var knytt stor prestisje til tal dyr på båsen. Ordvalet endra seg litt då far pakta prestegarden, men då var ikkje farfar sin arbeidskapasitet som den hadde vore heller.

Ein annan «kontrovers» vart det då far kjøpte elektrisk gjerde. Av alt det bortkasta som var no kome til gards, måtte dette vere toppen - meinte bestefar. Kven hadde nokon gong sett ein hesjstreng stogge ku eller kalv - eller eit lam for den skuld?

Før nyvegen si tid såg terrenget noko onnorleis ut ute i stranda- («nedstestranda») - innafor lisjegarden. Ein del grapsemarek og «vass-seker» var der, men graset vaks godt og der var god beitmark. Der skulle gjerdet prøvast for fyrste gong meiner eg å hugse - og det vart gjerda inn ein beiteteg for kyr eller kalvar. Eg hugsar at ein av dei fyrste dagane bestefar og eg hadde dyra ut, fekk eg tanken at eg samstundes skulle overtude han om at dette ikkje var så verst gjerdesystem.

Eg tok i gjerdet sjølv og fekk kraftig støyt (etter fyrst å sett styrken på II), og sa at no kunne han og prøve. Jau då, han tok i gjerdet han. Kombinasjonen av «elefanthud» og gummistøvlar gjorde likevel at han ikkje kjende nokon ting, og han følte seg nok overtudd om at endå eit feilgrep innan gardsdrifta no var stadfesta. Eg gav meg ikkje, så eg overtala han til å trø nedi ein depel - og bite over strengen. Det er truleg ille nok i utgangspunktet, men han trefte vist med problemtanna i tillegg. Resultatet vart svært lydleg og overtudande, men at skikkeleg gjerde og piggråd likevel var det beste vart likevel ikkje diskusjonstema.

Noko betre var stemninga då far kjøpte «Allen». Det var ei enkel motorslåmaskin med store hjul. Den var så handterleg at vi kunne slå store deler av både brattebakken og bakkane ovanfor. Einaste plassane den ikkje var prøvd var i yste Fossane og i øvste Sukkebakken. Dette var eit arbeidssparande framsteg bestefar og såg verdi i. Kan hende var alder og minkande makt medverkande til innsikta.

Far planta som alt nemnd Ekra til med frukttre. Det same gjorde han på "Hammarsløyva". Der oppe stod frå før eit par tre frå eldre tid, m.a. Rosenstripseple som smaka nydeleg. Men under krigen, og rett etter, var det potetåker på Ekra. Eg hugsar at «Mætungane» (Bernt, Aslaug o.fl.) var hyrte hos oss eit år i potettakinga. Jentene var flinke, men han Bernt var no Bernt. Han fekk lite til, og det meste han utretta var å bryte omtrent alle skaft han hadde hand i. Det året var det eit uhyre grapse ver å ta poteter i. Ekra flaut. Det må truleg ha vore 1946.

Opp i alt dette var arbeidet med storoksen. Mange "flogkyr" vart leidde til gards, og som regel var ikkje det særleg å skrive heim om. Men det var "ei honders plage", som farfar brukte å seie. Dersom storoksen i tillegg hadde ein dårleg dag kunne det verte temmeleg livleg i kufjøsen. Oksen var stor og sterk - og utan finesse sjølvsagt. Om han ikkje var i rette "møle" kunne han vere temmeleg aggressiv, og det var eit himla liv å halde han. Hugsar at eg ein gong bisna på føretaket då oksen gjekk amok, brølte og herja. Ufarleg var det ikkje heller i den tronge fjøsen. Eg kom meg opp på beten under låvegolv for å vere trygg. Bestefar stakkar

hadde eit skikkeleg sveittebrot med å få båsa han att. Både ku og ledsagar var temmeleg krylryggja og forstøkte der i trappa til smalefjøset. (Eg trur det var han "Gar-Johan").

Dersom eg skal nemne noko eg likte som gut, måtte det vere det å stelle med, og arbeide med hesten. Kvifor har eg inga aning om, men eg fekk godt forhold til dei hestane vi hadde i min oppvekst. Kanskje kan eg seie at eg kanskje har eit slag "lag" med hestar. Men stort sett kom alle dyra på garden rimeleg vel ut av det med meg.

Ei sørgjeleg hending må eg nemne. Då var ikkje far heime. Eg hugsar heller ikkje kva tid på året dette var. Vi forsto i alle fall at det var noko gale med hesten. Eg trur det var "Snorre". På ein eller annan måte hadde vi kontakt med veterinær, eller kanskje det var med Per Ervik som var ein "fuskar" i faget. Han hadde noko veterinærstudiar i sin ungdom og han gjorde bøndene i Selje mang ei teneste. Næraste dyrlækjar då var herr Hyge i Måløy. Nok om det – det vart konstatert at hesten hadde "skjul" – ei sårddanning i overmunnen som gjorde at han ikkje kunne ete. Lækjebot for slikt var ikkje kjent, og dyret måtte avlivast. Til all lukke var Harald på Neset heime – han var ein dyktig slaktar – og han gjorde jobben. Men det var ein trist dag.

Som nemnd før er kvinnene si deltaking i alt arbeid eit dominerande minne. Dei hadde det meste i huset på seg. Barnepasset var mest deira ansvar. Mykje av fjøsstellet og. Av uteaktivitet trur eg det var berre arbeid med hest og reiskap - seinare traktor, stauring med spett, møkaspreiing, arbeid med steinbrytaren og trefelling dei slapp unna. Slik måtte det vist vere om ting skulle gå rundt. Det var krav til mykje mannskraft på eit tungdrive småbruk, så karane hadde gjeremål ute heile dagen.

At Aebi'n AM58 kom på garden rundt 1960 letta arbeidet - og den med litt utstyr vart naudsynt i og med at far pakta prestegarden i denne tida.

Mange av aktivitetane eg har nemnd er no på veg inn i gløymeboka. Det vart t.d. enklare å selje ulla og nytte pengane å kjøpe tråd eller ferdig strikka varer for. Slik sett med førde frå denne tida den generelle endringstakta i samfunnet i aukande og stadig raskare grad til at det arbeidde seg inn i folket sitt umedvit (også hjå oss) eit medvit om "nye" ressursar (m.a.o. pengar) med minst mogeleg fysisk innsats.

Bestefar og bestemor



Ole og Alette Listou
Om lag 1910

Dei har alt fått omtale. Det skulle elles berre mangle, så sentrale som dei var. Det ein kan slå fast i alle fall er at fleirgenerasjonshushaldet på Yste-Lesto såg ut til å ha rimeleg gode kår. Om det var dei gamle - eller dei unge å takke skal være usagt. I utgangspunktet var det nok ein tilvand livsstil der alle opplevde å trenge einannan, og truleg var ulike personlege toleransegrenser i den tida av anna format enn i dag.

Bestefar var eldst av 10 sysken (sjå Arthur si bok) og odelsgut. Denne oppgåva verka å vere for han noko som skugga over alt anna i livet. Alt som skulle planleggjast og førebuast hadde omsynet til **GARDEN** i fokus hjå han. Det var ikkje så rart. Garden var sjølvve livet. Livserfaringa (som for det meste utgjorde kunnskapen på den tida han tok sitt ansvar) var at garden og det som kunne utrettast der, var grunnlaget for kva overlevingsevne husstanden skulle ha. Garden var det vi hadde for framtida med andre ord.

Det er ikkje så rart med slik haldning. Mange på landsbygda var utan jord og sjølvstendige livsvilkår då han vaks opp. Og mange hadde det svært kummerleg. Eg har møtt få personar så fokusert på oppfatta plikter. Og som til dei grader makta å ha alle sine vurderingar, prioriteringar og gjeremål så konsentrert og fokusert. Alt anna hadde berre overflatisk interesse - kunne det verke som. Det måtte sikkert ligge ei form for trass i slik haldning. Eit trass med basis i den alltid eksisterande kampen mellom menneske og naturmakt, men den reflekterte vel og spesielt den respekten (og dels hjelpeløysa) naturhushaldsmennesket på Vestlandskysten måtte leve med for den same naturen.

Dessutan gjekk det på bestefar si ære laus om egedomen ikkje vart skjøtta vel og utnytta så godt som mogeleg med dei ressursar ein kunne stille opp.

Han hadde arbeidd på veggen over Sandvikseidet rett etter hundreårsskiftet. Dei hadde visst eit par kroner dagen i løn, og arbeidsdagen var 10 timar. (Kvarmann sin trong for pengar tok til å vise viste seg alt då).

Han hadde gått i omgangsskule, og han lærde å lese, enkel rekning og å lese. Læraren budde visst i den garden skulen vart halden. Sjølv med berre 14 dagars "semester" vart det tid til eit og anna fantestykke. Han fortalde at ein gong skulen var halden i "Eidslåna" (der Dagny Eide

Osmundsvåg er frå), hadde karane stukke ned i fjørå. Læraren var visst ikkje av dei yngre. Då dei burde ha vore attende i stova etter ein pause, møtte dei ikkje. Læraren, som hadde sett dei gå til sjøen kom ned til fjøra og såg og såg, men såg ingen. Karane hadde gøymt seg under ein seksæring som låg kvelva for tjærebræding oppe på marka. Eg fekk ikkje fortald om kva følgjer dette fekk for dei impliserte. Det var i alle fall vanleg å «sitje att» i den tida.

Elles var dette ei tid då konfirmantane var rangerte på kyrkjegolv. Kvar farfar sin plass var har eg ikkje fått kjennskap til, og eg trur heller ikkje han tok akkurat det så nøye. Foreldra hans derimot hadde gjort det skarpt. Mora (oldemor Johanne) hadde vore nummer ein i sitt kull og oldefar Lars nummer to i sitt, med same resultat som nummer ein. (Etter onkel Arthur).

Mest av alt hugsar eg bestefar som arbeidsmannen. Heile dagane, heile året. Eg minnest t.d. då han rydde kviene til beite. Det måtte vere eit enormt slit: Kutte ned all skogen med handemakt. Rive eineren opp med røter, bunte den, få den og alt anna brukande trevyrke til hus (og det vart ikkje så lite) og hogge det til ved. Grave ned stein, leie vekk vatn og setje opp gjerde. Far var med og hjelpte til ein del, men dette var nok mest bestefar sitt verk. «Steinbrytaren» var ei hjelp, men mykje vart gjort berre med spett og hakke.

I tida etter 1975 har klimaet og redusert drift gjort at naturen har teke kviene attende i slik utstrekning at det synest uråd å stogge for dei få menneska som no lever på garden. Det som viser att av farfar sitt ærefulle slit der oppe vert difor snart berre desse få orda frå eldste soneson.

Om sumaren var han sláttekar. Likte ikkje spesielt godt hesteslåmaskinen, den måtte far - og etterkvart eg ordne med. Men med langorv, setjing av hesjer og lemping av høy o.s.b var han ustopeleg. Det var rart med hesjestødene. Dei har imponert og undra meg ofte. Same staurhola vart brukte år etter år, generasjon etter generasjon. (Det er ein merkeleg tanke at dei siste hesjene eg sette opp [1985] for mange sin del truleg hadde same stødene, og staurhola, som hadde vore nytta sidan oldefar si tid, og kanskje lenger - i alle fall på nokre av teigane). Bestefar var og nøye med å ha "vassvegane" i bakkane opne mot "Storelvinje", og mot brønnen. Alltid var han i «hundre».

Matvanane hans var røffe. Han tykte om kraftig kost. Brød med sirup eller sukker var vanleg. Kaffi kokt til bek (etter påfyllmetoden som Leif skriv om). Grov graut med surmjølk. Salt kjøtt og eller flesk, salt fisk, salt sild--. Om sumaren hadde han kokt, salt flesk som noko av sin favorittmat. Det var store og velfødde griser i den tida, og fleskeranda var raus. Oftast vart flesket salta og tørka, så før koking måtte det vatnast ut nokre timar. Når han fekk slikt stoff til middag sommarstid, åt han som han aldri ville få mat att. Til å drikke var myse eller vassblanda saup favoritten. Etter halvannan time middagsro på slike dagar var han klar for harde tak att. Han arbeidde som før middag, sveitta som berre **han** kunne, og gulpa kokt flesk og grøn myse rett som det var. Det affiserte han ikkje det ringaste. Han hadde vanlegvis med seg i marka eit treliterspann med "blande" - som han kalla det - kvar økt. Dette var tomt til middag - og når kvelden kom.

Bestemor sytte og som nemnd for at han hadde ny ullbol til ei kvar tid. Desse gjekk han med året rundt. Trur ikkje eg kan hugse han med berr overkropp anna enn når han vaska seg.

Han tok nok inn også linnare kost også, både fisk og kjøtt, men tøff i matvegen som i mykje anna, det var han. Eit døme på lettare kost var «kalde poteter i skjør». (Dette var faktisk ein vanleg sommarmat som ungane og likte). Han var frisk som ein fisk til høg alder kravde sitt.

Sviktande syn førde med seg sviktande førlegskap og dermed kom andre ting lettare på etterkvart. Men i si velmakt måtte han etter det eg hugsar berre melde pass berre ein gong - for ei ischiaskule. Lækjar og tannlækjar var ikkje av hans favorittar, og han hadde heller ikkje hatt trong for kontakt med slike folk. Hugsar og ein gong han hadde togge ei flis av ei tann, noko som var irriterande for tunga. Kva gjer vi så? Jau, då tek vi ei sagfil - og det verste er ordna. I den nemnde ischiasperioden måtte doktor Kjøllesdal bodsendast. Eg var på loftet og bisna ei stund og såg m.a. kva som var plukka fram frå doktorkofferten. Eg grøssa nok litt av den tjukke sprøyta som tydelegvis skulle brukast. Og bestefar, som aldri var lagd lækjarhand på tidlegare, han skreik som ein stukken gris då den vart sett i skinka på han. ”Issa mæg, dei hørde hånå sikkert helt bort i Moldefjordinj”, var bestemor sin kommentar.

Eg har kan hende framstilt eit råskinn, eller i alle fall eit «hardejarn» av eit menneske. Og visst var han det. Han kunne vere temmeleg omsynslaus. Men samstundes var han både godhjarta og snill. Han var ein leiartype som gav det same av seg sjølv som han kravde frå andre. Eit utruleg samansett, men likevel heilstøypt og klår i si oppfatning av sin plass og si oppgåve. Han kunne rolla si til fingerspissane, men eg viser til Leif sine observasjonar nok ein gong. Han hadde så visst fleire sider, bestefar.

Han dyrka tobakk under krigen. Det vart store plantar, mannshøge og vel så det. Tobakks-teigen var plassert i hagen, langs granhekken nedanfor stovehuset. Stoffet vart respektfullt behandla. Oppbrukt vart det og. Og sjølve stilkane, av storleik om lag som riveskaft, vart utplasserte på låvebjelkane under hjellen som eit slags kriselager. Dei gjekk visst med dei og nokre av dei. Eg veit han fjerna dei siste etter nokre år. Truleg var det berre grassmak att.

Eg har nemnd Leif sine observasjonar. Han kunne vere svært så sosial i dei rette krinsar og på rette tidspunkt. Tok seg tid til ei god og vågal historie i ny og ne, og til å mimre over det som hadde vore - på ein for han godlynt måte. Men han harselerte kanskje i meste laget og kunne ha temmeleg ironisk ordval i omtale av andre. (Dette var nok ei arva legning som er vidareført er eg redd).

Bestemor, som hadde heilt anna vesen, kunne vere tøff på sin måte. Ho godsnakka likevel om dei fleste, glatta over og var diplomat. Dessutan verka det som kristen oppseding prega henne meir enn det prega bestefar. Barndomsheimane til dei båe var religiøse, men hadde hatt tilsynelatande ulik påverknad på dei to. Bestemor las fast i andaktsboka og nynna seg gjennom salmeboka, om søndagane spesielt. Eg oppfatta ikkje at bestefar heilt hadde sansen for dette, men skal med ein gong legge til at han heller ikkje eigentleg gav uttrykk for likesæle. Ho var eit godt menneske. Eit makelaust lynne, eit tilsynelatande usliteleg humør og ein tenar i alt det dette ordet kan meine.

Barndomsheimen hennar var ein av plassane under prestegarden i Selje: Klokkarvika. Då ho flytte til Storelesto fekk ho retteleg vise kva ho var god for, men ho var nok meir enn klar over kva som var venta av henne. Ho måtte vere like hardt arbeidande som farfar, ja hadde endå fleire oppgåver. Husbonden sine prioriteringar var det som talde her på berget. Hennar eigne prioriteringar og oppgåver var forventa at ho utførde i tillegg. Det var vel ikkje uvanleg for hennar generasjon kvinner, på same måte som det heller ikkje vart det for mange i den neste. Naturalhushaldet kravde si kvinne. Den daglege donten med arbeid i mark, fjøs og låve måtte kom fyrst. Samstundes var det altså forventa at alt skulle vere klart i huset med naudsynt skjøtsel, reinhald, mat, klede og ungestell.

Men bestemor hadde tid og kapasitet for mjuke verdiar også. Det var gildt å ride ranke på farfar sitt kne, men i farmor sitt fang var roa.

Det fyrste som fell meg spesielt i hug om farmor er ein episode der snarråd og handling var avgjerande. Leif var kanskje eit par tre år den gongen, og han skriv om det sjølv. Men eg **såg** på ”hændelse”. I alle fall, han hadde funne ei gulrot eller ein bit av ei gulrot på kjøkkenet. Som ungar flest ville ha gjort - han putta den i munnen. Heldigvis var vaksne i huset, for gutungen sette like godt gulrota i halsen han, og det vart ein fæl sjau. Det tok tid og han fekk ikkje luft og ikkje klarte han å hoste biten opp heller. Det nytta ikkje å trykke eller banke. Han vart blå i fjeset, og mor vart meir og meir fortvila. Far var ikkje inne akkurat då, trur eg. Då var det farmor Aletta gjekk til aksjon. Ho fekk guten overende, treiv han i føtene, røska han opp og sikka han ned att, samstundes som ho deisa han mot beina sine - og der spratt gulrotbiten ut.

Eg observerte det heile, truleg paralyisert og visseleg skræmd, frå der eg sat samankrope i ”storestola”. Trur ikkje eg forstod at det var farleg, eller rettare kor farleg det eigenleg var. Mi redsle botna visst i at eg for fyrste gong opplevde ei slags kjensle av at ”dette klarar vi ikkje”, eller noko slikt. Summen av aktivitet og mor si fortvilning var det som verka slik trur eg. Manglande kontroll med andre ord. Det er noko eg mistrivst med den dag i dag.

Bestemor var og den som uttrykte det nøysame. (Farfar ville ikkje hatt noko imot å vere storkar). Ho var ikkje berre av dei stille i landet, men også den som gjekk med stutturven i krokane på slåttemarka. Ho fekk alle mosedottane i sekken når vi henta bol (pondebrøysjle) ute i ”berja”, og ho var alltid nøye med å få med alt det kjerva lauvet og alle strå i raksten. Siste mjølkekråpane frå kua på same vis. Og ikkje å forgløyme – sikre alle ulldottane etter saueklippen, same kor klakete og skitne dei var. Alt kunne brukast. Her var ho og mor like.

Eg skriv farfar/bestefar og farmor/bestemor om einannan. For oss borna var dei bestefar og bestemor, eller: ”besten” og ”besta”. På Berstad var ”Berstadbestinj” og ”Berstadbestå”. Eg vart visst aldri skikkeleg kjend med morforeldra mine av ein eller annan grunn. Eg hugsar dei som sindige og kloke, og som alvorlege og pietistiske menneske. Men truleg var dei som folk flest egentleg meir eller mindre umedvitne rollefigurar i det dei oppfatta som *sitt* tilvære sitt spel?

Eg likar visst å tru at utvist åtferd m.a. kan vere basert i så sterke faktorar frå arv og miljø og i tileigna personleg oppfatning av kva det verkelege er at ”selvet” umedvite kjem i skuggen. Det var nok opplevd forventningspress og rolleoppfatningar i deira tid også.

Bestemor sin bror Hans Hove vart gift med bestefar si syster Anna (som dermed vart heitande ”Anna i Vikjine”). Hans hadde barndomsheim i Klokkevik. Der budde og bestemor si eldre ugifte syster Jakobina. Eit prektig menneske. Lita, ”vindturr”, energisk og uthaldande - og som bestemor - alltid i strålende humør. I den årlege flatbrødbakinga var ho fast deltakar. Eller kan hende var ho sjefen for denne aktiviteten når alt kjem til alt.

Jacobina, bestemor og mor ordna med ”grønet”, (deiga) og baksten. Det store bakstebordet i kjellaren hadde god plass til tre ”bakstekjæringar”. Dei hadde langbenker som arbeidsstol. Stolar med hjul på var ikkje oppfunne til kjellarbruk, men på desse benkane kunne dei ”sleide” i eit visst mon til begge sider og beherska såleis lett heile bordet.

Etter å baka om lag tretti leivar vart dei tekne til eldhuset der bestefar rådde. I sørvestre hjørnet på eldhuset var grua. Der var staden for både bakstehella og tørkegryta for korn., og han rådde over begge i sin tur. (Koking av såpe og koking av storklevask føregjekk også der). Bestefar gav ikkje tiltru til nokon andre å steikje flatbrødet. Rett ved og varme var viktig.

Kanskje var det hans måte å hjelpe til på. Baking gav han seg ikkje inn på, derimot å steikje. Dersom han vart åleine om den oppgåva betydde han noko spesielt for prosessen og. Fyrst ”løypte” han leivane (halvsteikte dei), 12-15 i slengen, og i neste omgang skjerpa han dei. Det ferdige brødet var lagra i tre store tretønner på stabburet. Etter kvart vart to – så ei --.

Desse bakedagane i kjellaren var det livleg prat m.a. om ungentelivet på Nabben rundt hundreårsskiftet. Eg hugsar ikkje så mykje av det som var fortald. Truleg fordi eg dei par fyrste dagane mykje heldt meg i eldhuset. Det ferske heimebaka flatbrødet var ekstra godt. Men eg høyrde prat om karar som kom frå fiske (frå Skåkja). Om arbeid med klippfisk rundt heile Nabben og Vågen, og om episodar knytt til notlaga som var etablerte den tida med namn som: ”Bygdarane” og ”Strandarane”. Om presten som var på inspeksjon i desse miljøa. (Resultata deira hadde så absolutt sitt å seie for hans levemåte). Og om lensmannen og doktoren. Dette var statuspersonane i tida. I dei dagane fekk dei folk i veggrofta med hua i handa når dei for forbi eller var på kyrkjeveg. Både bestemor og Jakobina hadde tent i prestegarden under prestenamn som Koren, Strømme og Nybø. Dei prata ekstra mykje om nokre karar som heldt til i Djupedalen, og som truleg hadde vore jentene sine favorittar i den tida.

Då som no var det åtgauv når «båtinj» kom til Nabben. På den tida gjekk han fyrst til Drage før han kom inn på «Prestevåjinj». På sjølve Nabben rådde omfram presten - handelsfolka Halvorsen og Sølvberg.

(Far og mor kjøpte seg etterkvart elektrisk steikeplate. Gjennom ei tid hadde dei no og då ein bakekveld på Berstad hos Arthur og Anna som alt hadde slikt utstyr. Dei laga godt flatbrød, men smaken av flatbrød steikt over open eld kunne det ikkje konkurrere med. Og det vart eit anna kvantum enn «i gamle dagar»).

Flatbrødet var nytta til allslags mat, også som hovudrett: «Soppe» og «Mylje» hadde flatbrød som hovudingrediens. "Soppa" var knasa flatbrød med skjør eller saup og gjerne litt rømme og sukker på. "Mylje" var flatbrødbitar med grønsak - eller kjøtkraft over. Også på denne retten nytta vi sukker.

Ho arbeidde mykje med separatoren og smørkinna. For desse prosessane vart reinsemd presisert ustoppelig. Både frå henne og frå mor. Mjølkerommet var i eldhuset, i hjørnet mot «Dæla». Eg hadde mang ei stund der og - og eg var alltid like undren over "turbinlyden" frå separatoren, og over at det alltid var skummamjølka som rann så rikeleg - og fyrst, medan fløyten *alltid* var meir beskjeden og sist - *kvar einaste gong*. Slike observasjonar burde kanskje gjort meg nyfiken på det vi kallar realfag, men det vart ikkje noko av det (heller).

Kinninga var ein viktig og krevjande prosess forsto eg. Reinsemd var som nemnd viktig, men og dette med temperaturen på rømmen. Både under den vekelange lagringa, og når den skulle kinnast. Eg hugsar at rømmetermometeren var handsama både med varsemd og stor respekt. Det ferdigkinna smøret vart vaska/skyld og knadd i rennande vatn. Deretter pakka i store ark av smørpapir, så i gråpapir og knytt rundt med hyssing. Handelslaget på Nabben var leveringsstad på vegne av smørslaget. Etter kvart fekk eg av og til oppdraget med å ta smøret dit.

Det var altså noko dei kalla «smørlag» i den tida. Om dette var eit interesseorgan, eit forretningsmessig føretak eller ei slags administrativt affære har eg ikkje fått med meg. Heller ikkje kvar smøret tok vegen, men truleg var meieriet i Måløy kome i gang då.

Bestemor fekk etterkvart noko plage med minkande høyrslé. Derimot såg ho som ein hauk. Ho hadde eit par briller som ho brukte på sine eldre dagar. Ho måtte ha funne dei, eller fått dei

av einkvan, for kva ekstra ho kunne sjå med dei skjønar eg ikkje. Det var i alle fall glas med så godt som ingen profil så vidt eg kan hugse. Dessutan las ho «Misjonstidende» og «Kavringen» utan briller til ho var 90 år.

Både bestefar og bestemor tok del i gardsarbeidet til langt over pensjonsalderen. Men etterkvart som åra seig på og dei måtte redusere deltakinga si vart bestemor meir og meir ein hushaldar for seg og bestefar. Då vart ho sjefen - og ho var også den eldste av dei to og helsa hennar var framifrå etter alderen. Etter som alder, dårleg syn og generell skrantande helse meir og meir passiviserte bestefar vart han mykje liggjande på yste loftet (som alltid hadde vore deira soverom). Då fekk bestemor nok ein gong bruk for tenareigenskapane sine. Gamleguten ropa støtt om eller etter eitt eller anna. Han kompenserte for manglande syn og høyrsele med å dunke stokken sin i loftsgolvvet. Det kunne ho høyre og ho sprang. Ho var fødd i 1878 og flaug loftstrappa til langt ut på 1960-talet, men gav då etterkvart uttrykk for at det var blitt litt travelt. Siste åra bestefar levde, og sidan også, vart «lisjestova» soverom for gamlefolket.

Bestemor hadde sikkert interesser for utanom heimen, men misjonsforeininga ho deltok i («hedningekjæringane» som bestefar sa) var så vidt eg minnest den einaste aktivitet ho unna seg, eller tillet å unne seg. Dette var omlag ein kveld i månaden, og då kledde ho seg opp, om regel mørke klede, før ho gjekk av garde til den av kvinnene som arrangerte den kvelden. Når ho hadde foreininga heime hugsar eg at dei song «åndelege songar» - som det heiter. Dei las frå misjonsbladet, hadde ein lita utlodding, strikka gevinstar til lotteri eller basar, eller plagg dei kunne sende til misjonærfamiliar ein eller annan stad. Men praten gjekk livleg og, ikkje minst når kaffien kom på bordet. Det vi kan hende kallar slarv i dag, var aktuell informasjon i den tida. Omfram kyrkjesundagane, og eit hende familietreff, var misjonsforeininga ein vesentleg del av desse kvinnene sitt sosiale nettverk. Bestemor gav uttrykk for at det var kjekt å kunne treffast slik av og til, men ho kjende det nok også som ei plikt ut frå si religiøse overtyding.

Eg må ta med ei strofe av farfar. Den er frå hans litt eldre dagar, etter at synet hadde tapt seg: Vi sat i lisjestova vi to, og hadde sete der tause så lenge at han nok ikkje ensa at eg var der. Vi har mykje slekt i Sogn, og bestefar (som av og til tenkte høgt) tok til å diktere brev til syskenbarnet sitt Sivert. M.a. om lag slik om sønene sine: «Kjære Sivert» o.s.b «Hanj Arthur har no stelt seg bra. Han er blitt likningsjæf i Selje. --Han eldste? - hanj - hanj--. Ja, hanj går no her».

Mor og far



Lars og Elise omlag 1950

Det er svært vanskeleg å framstille dei to personane som i røynda er så mykje mitt eige liv. Minna knytt til *dei* er meir enn mange, og sjølv om dei verkar både klare og bastante er dei samstundes både flimrande og fragmentiske. Men dei er og nokre av dei vesentlege solstrålane i livet mitt. Spørsmålet eg stiller meg no er om eg er i stand til å seie noko nøkternt om dei fordi minna vekkjer så sterke kjensler.

Mitt skriverseri vert berre ein liten bit i mangfaldet av minner eg vonar etterkvart kan kome på prent om desse to svært så spesielle menneska. Kanskje kan det verte litt interessant og nyttig stoff for etterkomarane si sjølvforståing. I den grad dei orkar lese t.d. dette vel å merke, og å nytte det i noko som helst resonnement.

Då ideane om å skrive ned nokre av minna mine kjende eg det nærast som inntrykkskaos når tankane tok til å svive om mor og far. Dei er allstadverande. I kjøkken, i stove, i min kvardag og mi helg - i alle ulike samanhengar. Det er som tilværet vert spola ustyrleg fram og attende, og viser ulike filmopptak frå same tid samstundes. Det indre auga oppfattar fleire og fleire bilete i bileta. Men *kva* som er eller *om* det til sjuande og sist *er* eigenlege hendingar, årsaker og samanhengar, og når dei eksakt hende, er bortimot uråd for meg å seie noko om.

Min foreldregenerasjon vart den som m.a. fullførde steget frå rein sjølvbergingskultur over i pengehushaldet si tid i vår familie. Det var ein i og for seg umerkjeleg prosess for oss ungene, men eg hugsar tida då far måtte ta arbeid i tillegg til gardsdrifta - og kor glad og stolt han var når han hadde fått oppgjær t.d. for sildelossing i Vågsvåg. Meir og meir byrja å koste pengar - og dei var ikkje alltid så rikeleg og lett tilgjengelege.

Det fyrste som slær meg er likevel ikkje knytt til nokon særskild av dei. Det går meir på generelle inntrykk som t.d. oppsedinga vi fekk. Både far og mor praktiserte ”Kardemommeby modellen”: Du skal vere snill, så vert andre snille med deg. Du skal vere ærleg, du skal skaffe deg kunnskap og du skal arbeide hardt. Du skal ikkje fokusere for mykje på deg sjølv. Toleransen skal vere stor, men du skal tileigne deg ein fast karakter. Tenarinnstilling i arbeid og respekt for autoritet er viktige føresetnader for eit rett og godt liv. Dersom du på dette grunnlaget får suksess kan det vere bra. Suksess som inneber overkøyning av noko eller nokon, vil vere meir til skade enn til glede og gagn for deg sjølv.

Dette (naive?) oppdragarmønsteret har kjend rot i kyrkjeleg og annan autoritetstradisjon frå lang, lang tid attende Eit snev av det låg vel og i den sosialdemokratiske tanken som dei truleg måtte verte påverka av gjennom sin ungdom. Politisk var dei likevel på ein heilt annan kant. Lestovarianten av oppseding i det tjuande hundreåret hadde likevel særpreg. Dette besto fyrst og fremst i totalt fråvær av kommando og tvang. Vi vart innpoda korleis far og mor oppfatta «saken», men min person sitt eigenansvar kunne ikkje dei gjere noko med. Fast sit særskilt den usagde, men likevel tydeleg innprenta innstillinga av mitt (kvart menneske sitt) individuelle ansvar for alle sitt beste.

At åra i barndomsheimen vår var ein overveldande presentasjon av kjærleik og omsorg har gått meir og meir opp for meg. Dei fleste foreldre er truleg gode foreldre ut frå egne føresetnader, men Elise og Lars kunne vere føredøme for dei alle.

Dei var intelligente menneske, vel utrusta med sunt vett og god forstand, og eg trur dei hadde eit sær fortruleg forhold seg i mellom. Av ein eller annan grunn, verka det likevel ikkje enkelt for dei å ha fortrulege pratlar om liv og livnad saman med meg - og om meg då eg var i oppvekst. (Ikkje seinare heller for den del). Eg tenkjer då på den djuptgåande «korleis har du det eigenleg-praten», Kanskje hadde det si årsak i at eg var og vart ein ”stempel”, ein flyktig kar som var så nyfiken og fokusert på opplevingar og sanseintrykk at tanke på kva nytte ein kan ha av foreldre og av oppseding ikkje vart registrert fullt ut.

Erfaring fører gjerne til erkjening, og kan hende er oppfatninga mi anno 1996 mest å sjå som ein irritasjon over dagens kontraster. På ei side det akademiske talekoret om ”fortrolighetens nødvendighet”, og på den andre: Det aukande fråvær av same både i samfunnet og menneska i mellom.

Gode å ha til faste tider var dei no likevel, når eg var svolten t.d., eller hadde slege hol på knea (noko som var dagvist), eller trong hjelp på annan måte, ikkje minst med leksene så klårt. Det hende støtt. (Eg har av og til lurt på om noko kunne vore onnorleis i dag dersom eg hadde innsett kva eg burde gjort og tenkt og teke del i, heller enn å nytte så mykje energi på å overtyde - spesielt mor - om mine ikkje-eksisterande evner til å gjere t.d. leksearbeid). Men du verda som dei prøvde å få meg til. Som den observante lesar truleg forstår: Relatert til tilhøve som åtferd, og forsøk på å få meg interessert i daglege gjeremål og plikter hadde *dei* ein stri jobb. På ei anna side aksepterte *eg* dei alltid i meir enn naudsynt grad til stades når eg fann det for godt.

Innanfor reviret gav dei meg eit fritt liv. Ein restriksjon eg likevel oppfatta fort var at sjøen var farleg. Ein kunne bada i støa om sommaren, men ikkje før siste snøen i Kvamfjellet var borte. Det måtte likevel ikkje gjerast utan at vaksne var tilstades - og det måtte vere minst to timar sidan siste matmål.

At far og mor vart gardbrukarar var kanskje ikkje berre tilfeldig. Kva anna skulle dei finne på for det fyrste? Og dessutan - kva var venta av dei? Far var - som bestefar odelsgut. Han gav mange gonger uttrykk for reiselyst, og at han var interessert i arkeologi og historie. Mor hadde som ung hatt lyst til å verte sjukepleiar. Men utdanning kosta pengar i den tida, og det kravde sikkert ekstra mod å stifte gjeld til slikt føremål. Avgrensa økonomiske moglegheiter - men og ei sterk pliktkjensle hos dei begge overfor slekta sin gard og grunn var nok avgjerande for at dei satsa som dei gjorde. Eigentleg trur eg at far hadde lyst, og difor gjekk jordbruksskulen, medan mor på same måte følte plikt for ein husmorfunksjon og difor tok husmorskulen. Kanskje hadde dei avtala det alt tidlegare? Eg kom aldri på å spørje korleis dei møtte einannan, og kva tid. I losjen kan hende? Men at dei som vi hadde sine draumar om kva som kunne ha vore, hvis - såframt - i fall, er eg ikkje i tvil om.

Far var svært lik mor si. Han makta alltid å vere blid, verka alltid å ha godt humør og prøvde å gå til alle oppgåver med glede og positiv innstilling - med unntak av hønseslaktinga. Dessutan var han ikkje så lite av ein opportunist. Mor var nok til dels lik, men såg tilværet og livet meir som eit sett av svært alvorlege plikter og krav til ditto personlegdom. Truleg ei innstilling frå barndomsheimen. Tull og tøys var bortkasta tid. Ho spegla på eit vis noko av farfar si innstilling. Men du verda som ho og kunne ha det mor i ulik samanheng.

Det fyrste eg eigentleg kan hugse om far trur eg er frå ein haust i potetopptaket, nedanfor og innanfor låven. Då lærde han meg å kaste poteter. Då skulle ein fyrst ha ein passe lang og passe tynn, svai kjepp. Den skulle smidast spiss i den tynne enden. Så samla vi nokre (ubrukelege) småpoteter, sette dei på spissen, og såg om vi greidde å kaste dei på sjøen frå reina ved å bruke kjeppen som reiskap.

Eit anna minne som er klårt er laurdagsbadet til ungane. Det gamle kjøkenet var mindre enn det kjøkkenet som er i dag, og der var berre kaldt vatn. Det var difor storopplegg når stampen skulle på plass med varmt badevatn laurdagane i 5-tida om ettermiddagen. Då var nonsmaten avvikla - og det var av dei rolege timane i veka - desse mellom ettermiddagskaffien, barnetimen og fjøsstellet om laurdagen. Det var mykje sjau og mykje søl, men eg opplevde alltid ei lukkeleg og god atmosfære rundt dette laurdagsritualet der både vi borna og mor og far var involvert.

Barnetimen ja. Mor og far hadde stor sans for det radioprogrammet og oppmuntra oss til å høyre på. Dei hadde og sans for ønskjekonserten. Dvs. mor hadde. Far var totalt utan musikkøyre. Til dei grader at han kunne "syngje" Ja vi elsker til tonen av Eit barn er fødd i Betlehem utan å høyre noko gale.

Eg er av dei som "grodde opp" i radioen sitt veksthus hjå onkel Laurits og tante Sonja. Det var storvegges heilt fram til 13-14 års alderen. Eit anna høgdepunkt vart altså ønskjekonserten. Der var det mykje repetert stoff frå eine veka til den andre, og favorittar fekk høve til å feste seg i minnet. Mine største vart så til dei grader Puccini's "Perlefiskarduett" og guttesopranen - Derek heitte han til fornamn, og eg trur etternamnet var noko slikt som Bashen (utt. Basjen), som framførde songen vi kjenner som "Den hellige stad". Pat Boone vart sjølv sagt ein favoritt i si tid, og dette var og starten på ein periode då det dukka opp nye og svært så spanande rytmar i eteren.

Så hugsar eg mor sin ”similjegrynsgraut”, og polentagrynsgrauten med raud saus. I det heile er tydelegvis mor sitt framifrå matstell noko som har fest seg særskilt i minnet. Den lukta og den smaken som var på kjøkenet når ho t.d. hermetiserte kotelettar og kjøtkaker eller frukt, laga fiskekaker, sylta og safta – i det heila førebudde vinterforrådet, er planta fast i medvitnet frå eg var berre neven stor. Ho hadde god kunnskap om ernæring, og omgrep som kaloriar, vitaminar, mineralar og eggekvite vart vi tidleg kjend med.

Det meste eg hugsar om mor og far er også knytt til arbeid, arbeid og atter arbeid. Mi eiga flyktige legning er det vel som gjer at trivielle episodar frå dagleglivet ikkje har vorte tekne vare på av meg. Men eg kan t.d. ikkje minnst at eg opplevde mor sint. Far opplevde eg sint (på meg) to gonger. Fyrste gongen var ein sommardag eg hadde fått Aslaug med til slipesteinen. Der hadde eg teke smørningsfettet som var på akslingen og sminka Aslaug til dei grader i fjeset. Då skjente far.

Andre gongen hadde eg fått Aslaug med (det var tidleg om våren) til ein høl i elva ovanfor torvhuset. Der fann eg ut at det var fint å bade, og så vart gjort. Mor og far visste ikkje kvar vi var, men av ein eller annan grunn hadde far likevel måtte registrert at vi var i bakkane. (Kanskje det var hunden som røpa oss). Eg følte meg ikkje høg i hatten då eg såg han kome, for fjeset hans var ikkje som det brukte å vere. Då fekk eg visst ei dask bak, men eg trong ikkje lang tenketid for å meine at eg ikkje var spesielt urettferdig behandla av den gongen heller. Det at Aslaug med tida skulle dra på seg plager med nyrebekkenbetennelse har eg alltid kopla til denne hendinga.

Far hadde som nemnd interesse i mange område innan jordbruk. Han hadde tidlegare planta lerkefeltet, og litt til, men rett etter krigen kom skogreisingsrørsla i gang for alvor. Det var nok ikkje berre det matnyttige som var drivkrafta i *det* opplegget, men og dette med «å kle fjellet». Eg trur likevel far tenkte litt på mogeleg økonomisk utbytte ein gong i ei uviss framtid. Det var tilskipa plantedagar fleire stader i kommunen, og eg hugsar at elevar frå «storeskula» i Hove var hjå oss eit par år og planta det som no er ystefeltet. Eg var vel 8-10 år på den tida.

Han hadde ein noko sart mage far. (Det hadde bestemor og). Var ein del til doktorane og fekk «Brita Torkildsen-mixtur" m.a. Mor (og delvis han sjølv) kokte truleg «ei snurpelast», som han sa, med semulegrynsgraut i perioden frå krigen og ut mot 60-talet. Hugsar at han hadde hyppige «hogbet» i periodar. (Hogbet var gulping av spytt og væske). Og han brukte natron (lært av bestemor). Etterkvart fekk han magesår og vart operert, og plagene minka etter det.

På den tida mor gjekk med Arne, hausten 1946, hadde karane rundt om her funne ut at dei skulle svi av på fjellet for å betre beitet. Det vart tend på heilt frå Eidegrensa. Vinden vart nok noko ulagleg etterkvart, så dei avslutta til kaffitid og kom ned att. Men då karane vel var komne i hus, flamma det oppatt i Svorene. Og karane måtte til fjells att. Det såg stygt ut på kveld og nattetid, for heile fjellet brann av, heilt til Sandvikseidet. Det var dramatisk nok. I alle fall såpass at mor fekk ein slags knekk. Høgt blodtrykk hadde ho frå då ho gjekk med Leif. Om det er så enkelt at dette var årsaka til auka og varige plagar, eller dråpen som utløyste eit eller anna er ikkje godt å seie. Det at far måtte av garde denne dramatiske kvelden - til det ho sikkert såg som ein farleg aktivitet - tok nok ekstra svært på henne då ho og var gravid. I ein periode fyrst på 50 talet var ho sjukleg og mykje sengeliggande. Kva plager ho hadde, om dei gjekk over, eller om ho lærde seg å leve med dei gløynde eg å spørje henne

om. Men eg hugsar det var ei trykka og vanskeleg tid i periodar, og far sine mageplager vart truleg ikkje betre denne tida. Det ustabile blodtrykket fekk mor behalde så lenge ho levde. Ei tid på garden var tidsrekninga ”før og itte brandinj”. Den hadde gjort sterkt inntrykk på Lestofolket denne hendinga.

Både far og mor likte å lese. Far las mykje historie, reiseskildringar og noko filosofi og psykologisk litteratur. Han abonnerte på ”Det Beste” nokre år, og der fann eg og mykje spanande etterkvart. Han hadde og kontakt med nokre antikvariat og skaffa seg av og til brukte bøker på den måten. Elles var han flittig gjest på ”folkeboksamlinga”, som han ein bolk var med i styringa av. (Som Leif skriv var han mykje nytta i styre og stell i kommunen).

Mor las mest romanar. Forfattarar som Leonard Strømberg og Lars Rustbøle likte ho. Ho las og ”Runa-serien”. Eg minnest elles at dei begge las både Duun, Christiansen (”Bakom synger skogene”) m.a., og frå Sigrid Undseth og Johan Falkberget sitt forfattarskap.

Fyrste boka vi ungane fekk heitte ”Onkel Arthurs Skumringsfortellinger”. Det var ein serie oppdragande småstykke med kristen vinkling. Den vart lesen gjennom fleire gonger, både av mor og far på sengekanten, og andre tider av oss sjølve. Fyrste boka eg fekk var ei som heitte ”Røvergutten”, som var i same kategori litteratur, men ein roman. Litt seinare kom ”Onkel Toms hytte” i hus til oss. Ein vinter far kom frå Måløytur (1950) hadde han med seg ”Barnebibelen” heim att. Det var ei fin bok, og den hadde mange flotte bilete. Dessutan var den lettlesen. Kan hende var den ein presang - det hugsar eg ikkje, men eg har den i forvaring på Solvoll med far si påskrift til ungane. ”Den siste mohikaner” kom og i hus. Og ”Vangsgutane”, ”Smørbukk” ”Stomperud” var populær lesnad vinterstid.

Etter kvart lånte far også bøkene av Jules Verne til oss, og alle dei kjende eventyrsamlingane. Både dei norske og H.C. Andersen og ”Tusen og en natt”. Brødrene Grimm hadde vi ei utgåve av heime. Men eg minnest spesielt kor fascinert eg vart av ”Ben Hur” som far hadde kjøpt.

I mi heimelaga helteverd vart mange av figurane frå bøkene dei store: Kaptein Nemo, Ben Hur og Uncas kreerte mange underlege førestillingar og draumar i eit truskuldig og naivt gutesinn. Men det vart og skapt idear og tankar om andre tider og andre tilhøve enn dei som var dei daglege i familien si vesle og trygge verd. Nyfikne på liv og lagnad danna seg i umedvitet, og det har vore svært nyttig å vedlikehalde denne barnlege nyfikna til meste opp gjennom åra trur eg.

Mor og far var begge religiøse. Ikkje på nokon måte påtrengjande. Ikkje på nokon måte bydande eller forkynnande heller. Dei prøvde nok i si oppsedingsåtfærd å påverke indirekte, og dei var så visst ikkje dårlege føredøme. Eg trur eg trygt kan seie at t.d. hadde julefeiringa hos Lars og Elise rot i ”engletradisjon” - ikkje i ”nissetradisjonen”. Sjølv om den karen og var på vitjing ei og anna jul.

Gjennom åra tok far meg med på nokre turar til Berstaddalen og Krævasdalen laurdag ettermiddagar sommartid, og dette området vart etterkvart favoritteigna mi. Kan hende har det samanheng med at det kjennest som å vandre på mor sine stiar. Opp gjennom åra har det vorte mange turar til dalen og områda ikring. Mange gangar saman med fetter Lars - og med Kåre på Neset. Men eg har og vore der åleine mange, mange gongar. Utvikla meg til å like denne varianten fridom tydelegvis, og eg kjende (og kjenner meg framleis) svært vel med forma for einsemd, ro og stille som fjellet og marka gjev.

Ei anna oppleving var fyrste gongen på Kvamfjellet (1950). Der var far og eg saman med Harald og Kåre og "Jakken".

Frå tenåra minnest eg at dei frårådde at eg gjekk i "bankkjellaren" eller i samfunnshuset i helgane. Slike tilstellingar var ikkje av det gode for meg i deira auge. At eg forsto og delvis delte denne oppfatninga på eit vis var sikkert ei medverkande årsak til at Berstaddalen - som eg alt kjende vel - vart ekstra mykje nytta av meg frå denne tida.

Det er rart med det: Som besteforeldre opplevde eg dei å ha eit noko meir liberalt syn.

Mor var med i sanitetsforeininga, i ei misjonsforeining og i losjen. Dette var hennar einaste "utskeingar".

Frå 1950 arbeidde far på nyvegen ved Berstad, og eit par år seinare byrja han på sildelossing i Vågsvåg i vintersesongen. Det var aukande trong for pengar og arbeidstilboda var få lokalt. Samstundes vart drifta på garden prøvd halden oppe på optimalt nivå, så det var slitsame tider for alle vaksne. Eg var ein merkeleg skrue forstår eg. Likte kan hende best det ukompliserte livet utan trøyttle plikter, og hadde som før nemnd liten innsikt i at min eigen innsats i ulike samanhengar kunne vere avgjerande for eige ve og vel i framtida. (Så vidt eg etter eiga oppfatning er i stand til å registrere no i vaksen? alder har slik legning sterk overlevingsevne i genene).

Ein gong like etter krigen fekk eg vere med mor og far på "Løypingstemnet". Det var ein periode då det var populært å ha møter (stemne) i det fri, og Løypinga (mellom Berstaddalen og Krævasdalen) vart ein slik møteplass ein periode. Eg hugsar ikkje særleg anna enn at det var flott ver denne sundagen, og at karen som leia fellessongen stod på den store firkanta steinen og brukte eine skoen å dirigere med. Eg vart og teken med til Austadalsstemnet (Almenningsfjellet) ein gong. Turen gjekk då med båt til Sørpollen, og så tok vi beina fatt.

Eg har alt nemnd mor sin dugleik i matlaging, men eg må ikkje gløyme spekemorpølsa hennar heller. Den vart laga i metervis av grovmalen krydra kjøtvare fylt i grisearmar, ordna heime alt sjølvst, og hengd i metervise kveilar til speking under taket i stabburgangen. Halvspeka og dampa var denne pølsa supersnadder til pinnekjøtet.

Mor hadde til dei grader "grøne fingrar". Ho hadde umåteleg godt lag med det som vaks både inne og ute. Kjærleik og omtanke for alt liv gav seg her utslag på ein måte som viste godt att. Eit trekk hos henne som eg alt vore inne på, og som eg trur ho hadde med seg frå mormor si side, var at det alvorlege, nesten triste(?) og negative i tilværet hadde tydeleg plass i sosial prat. Morosame saker kunne ein mest tru grensa til synd. (Kanskje noko overdrive). Eg skjønar ikkje kvifor det var slik, men det verka i alle fall å vere ein slags tradisjon på dette i miljøet der mormor hadde vakse opp.

Dei hadde begge ein personlegdom som gav meg vondt samvit med eingong eg forsto (det hende) at eg hadde vore "ufin". At den alltid avslappa haldninga deira m.a. kunne gjere ein strik i oppvekst ikkje berre utmatta, men også provosert og aggressiv seier seg sjølv. (Då kunne det vere lettare å argumentere med "besten" som ikkje hadde vanskar med å seie det han meinte på uknusla måtar og med tydeleg emosjonelt engasjement).

Far sa mange gonger at han trudde slekta måtte ha sine aner frå steppene i Asia einstad. Han hadde notert seg at etter høgda på kinnbeina våre måtte vi stamme frå dei finsk/ugriske

folkeslaga som ein gong kom trakkande på leit etter kysten og betre kår. Ut frå ulike trekk både mor og far la for dagen - slik eg ser det i dag - viste dei vel begge og såpass symptom på opportun fatalisme at "asiateorien" ikkje treng svekkast. Men det er nok meir innfløkt enn som så å fastslå opphavet vårt.

Ut av dette vesle, forvirra og sprikjande avsnittet vonar eg det avteiknar seg eit bilete av to gode menneske som alle sine dagar demonstrerte for oss at deira liv hadde framtida som meining og mål.

Sysken.



Saman med Aslaug og Leif
Omlag 1945/46



Saman med Leif og Arne
Omlag 1949/50

Eg vart ikkje åleine barn på garden, heldigvis, Men den interessante, personformande og avgjerande tida i "ein ung mann sitt liv", dei fyrste 5-6 leveåra, hugsar eg diverre ikkje så veldig mykje frå, som du forstår. At eg truleg stort sett var ein vrangpeis og "streten" latsabb, går att i den strofa eg hadde som liten, og som eg har vorte "mobba" med opp gjennom åra: "Ola ve ke".

I tur og orden kom Aslaug, Leif og Arne til gards. Eg var forklart at jordmora var viktig i slik samanheng, og eg hugsar då ho kom til gards den 6. mars i 1947, då Arne vart fødd. Eg sto på hjørnet av tunet og såg kor ho Pernille Sætren, kom stegande opp langs granhekkken med veska si. Som uvedkomande til hendinga var eg halden utanom hus, og eg reflekterte visst ikkje meir på det. Eg kunne ikkje gjere noko til eller frå likevel. (Pernille var og følgje til sjukehuset då Mona og Irene i si tid gjorde sin entré).

Som nemnd hadde vi våre fyrste senger i kommodeskuffen. Det kan eg ikkje hugse, men eg hugsar at både Aslaug og Leif låg i den gamle vogga ein periode i deira babyliv.

Det var vel frå krigsåra kjælenamna våre kom i bruk. Etter alder: "**Storebrorinj**", "**Assaløvinj**" ("**Løvinj**"), "**Lisjemanninj**" og etter kvart: "**Peparinj**".

Det skal vere vanleg at ungar konkurrerar om foreldra sin gunst, men eg trur ikkje eg hadde tid til å tenkje over slikt. Eg følte i alle fall ikkje at eg måtte tevla om noko som helst. Kva dei andre tre meiner i så måte kan sikkert vere noko heilt anna. Foreldra våre hadde etter mitt syn ikkje til noko slags kollektiv disiplinering/skolering på oss omfram det eg har nemnt avsnittet om mor og far. Dermed fekk vi utvikle oss rimeleg individuelt trur eg. Det kjennest i alle fall slik i dag.

Det fyrste eg hugsar om **Aslaug** og meg har eg nemnd alt. Ein annan episode var den ekspedisjonen vi to hadde i ura utanfor grisehuset ein dag. Det var ein spennande skrotplass der ute, og der var mykje interessant å bisne på (for ein gut). Vi fann mellom anna ei gamal, stor, men utbrukt kjøtkvern. (Den hadde visstnok vore nytta til å male opp revefor med i far sin ungdom). Dette fann vi - eller sannsynlegvis eg - ut var for stor ein skatt til å la liggje der.

Den måtte til hus, men korleis? Jau, eg gjekk tilbake under stabburet og fann eit veve teppe. Ikkje ullteppe, men ei tynnare sak. Brungrått i botnen, med raude, gule og grøne stripar. Det var tydelegvis veve i enkel breidd, for det var sydd saman på langs til dobbel, så det hadde ullteppesorleik. Det kunne vere det vi kalla ei «bresjle». (I ettertid er det mange triste tankar rundt t.d. dette. Slike teppe var eigenleg kunsthandverk og burde vore tekne vare på). Ok. Teppet vart teke til ura og kjøtkvema på ein eller annan måte plassert oppå. Eg tok hjørna framme og Aslaug dei bak, og så starta turen heim att. Langs ura, oppom grisehuset, nedlans stabburet - og vi svinga mot dæla. Då skjedde det som vel måtte skje. Frå naturen si side var eg høgre enn Aslaug, og all den tid eg og hadde gått føre heile vegen, hadde nok lasta sige bakover. Det triste resultatet var at Aslaug mista taket - eller i alle fall - kverna ramla ut av teppet og ned på føtene hennar. Ho har nok hatt ei vond stortå sidan.

Eg har ofte lurd på korleis ho klarte å bere denne lasta så langt. Eigenleg bar ho det meste av vekta åleine heile vegen.

Det vart vel noko skjenn i denne samanhengen og, men det, som så mykje anna ”trasigt”, har eg nok fortrengt.

Aslaug var av det trottige slaget. Ho hadde tolmod til å lære strikking, hekling, sying og husstell. Dessutan var ho flink å teikne. Litt lik mora var ho nok i sine dyder. Udyder hadde ho knapt. Og sjølv om systrer i det store og heile eigenleg er ein klamp om foten, og får unngjelde i ulik samheng, vonar eg «Løvinj» kom rimeleg skadeslaus frå oppveksten mellom ein pluss to brør.

Leif var noko smått som skvatt rundt i gråruta kortbukse, brun gensar m/mørkebrun stripe over brystet, og med topphue i gensarfargar. Dessutan song han på potta. Han hadde alltid på seg eit passe bekymra uttrykk i andletet, Leif - (eller ”Dei”), som han kalla seg sjølv i yngre dagar. Det var sikkert ikkje alltid så greitt som førebels minstemann i ei oppdaga - men enno av han utforska og ufordrande verd. Men ho venta på han.

Det vart utpønska mykje truleg og utruleg i hans oppvekst. Medan eg og fleire rende etter nasen ”prosjekterte” han alltid eit eller anna opplegg for det eine eller det andre. M.a. konkurrerte vi saman med Kåre - i å pisse lengst frå ladegluggane. Eg vil rett nok ikkje påstå at det var Leif sitt påfunn, men det var i hans velmakt. Det var eit tiltak som kravde stort mod då hovudvegen gjekk rett forbi låvedøra. Det måtte vere litt av eit syn frå utsida når karane, utan å kunne sjå ut sjølve, men sjølve fullt synlege frå bringe til kne, intenst trykte ut sine strålande prestasjonar.

Vi hoppa over dæla, og i det heile klarte Leif stadig å utfordre til ulik fysiske nappetak. Det gjekk flott så lenge eg vann, men snart manglande sigrar gjorde sitt til at utfordringane vart skydde. Den vesle fyren var noko for seg sjølv. Uvanleg sterk og spretten for sin storleik, og ein apekatt i busk og kratt. Når vi klatra opp låveveggen (i tau mot gluggane), brukte han alltid kortast tid. Det var heller ikkje mange åra før han hoppa over flest hesjestrengar. (I sin beste alder hoppa han til og med over hagegjerdet - mot bakke).

Ein gong gjekk det tydelegvis for langt for storebrorinj's tolmod og ære. Etter ei eller anna hending sette eg etter han nedetter åkrane. Nådde han att ved nedste åkerreina, der det låg nokre dungar med halvrotta vassarve. Eg fekk karen på rygg og starta stappe dette stoffet i han. Han bleikna og klidde fælt, forståeleg nok, og sinnet mitt gjekk rimeleg for over, og eg fekk utruleg dårleg samvit etterpå. Torde ikkje seie det til nokon. Ikkje trur eg Leif slarva

heller, (så det måtte kanskje vore ei reell prette). Storebrorinj hadde straffa han dugeleg, og fekk samstundes vist kven som endå var eldst. Har ikkje til dags dato mannja meg opp til å be om orsaking for denne ufine åtferda, så det bør vere på tide å seie: Omforlatelse Leif!

Og så var han altså musikalsk. Det var frustrerande å sjå på den vesle kroppen, med altfor små fingrar, greie å klimpre seg meir og meir feilfritt gjennom "Alperosen" på mor sin gamle gitar. Eg var for utålmodig til slikt. Og så spela han munnspele, medan "Jakken" hylte og bestefar skjente.

Peparinj sitt inntog i 1947 medførde ei uvan forplikting. Eg vart "banjejente". Eg fekk og m.a. forkynt meg at storebrorinj sitt eksempel var viktig når minstebror var i oppvekst. Barnevakt vart (heller) ikkje noko favorittarbeid for meg. (Kva det skulle vore er sikkert ei gåte for mange den dag i dag). Når sant skal seiast var eg i skulealder og "stor gut" då Arne vart fødd. Den influens eg kan ha hatt på hans lagnad i livet er i beste fall marginal. Det vart mykje mindre samvær mellom oss to enn det som var mellom meg, Aslaug og Leif. Men eg hugsar sjølvsagt at han med far som følgje var i Bergen og "tok mandlane", for eg var svær kar då eg åleine henta dei med hesteskyss på kveldsbåten på Nabben

Arne særmerkte seg med trott og tolmod i alle slags gjeremål, akkurat som Aslaug. Han hadde sans for verkty og mekanikk, og var ikkje gamle karen før han demonterte ei gamal vekkjarklokke ved høvelbenken i kjellaren. Til forandring frå det som seinare skulle verte vanleg, vart ikkje denne klokka sett saman att.

Eg har nemnd at mor hadde ein sjukdomsbolk rett etter at Arne kom til. Sjølvsagt prøvde vi ungane etter evne å hjelpe til med hus og gard, men eg er viss om at bestemor gjorde mykje godt arbeid i den perioden.

Medan Arne nok var "for liten" for meg, vart derimot han og Leif huslyden sine Knoll og Tott. Ikkje med rart med slike oppkomme av aktivitetstrong og kreativitet. Kva som var av påfunn og tiltak der i garden vil nok dei sjølve fortelje om med tida. Noko har Leif alt teke fram.

Storebrorinj hadde teke til i småskulen i Hove hausten 1946, og det viste seg at heimemiljøet fungerte prima utan at han var tilstades kvar dag. Per i Kjøde vart skuleskyssar etterkvart, men den fyrste skysskaren eg hugsar var drengen til Margit Eide. (Dei yngste "eidsjentene" var og i Hove skule). Laurits Eltvik heitte han trur eg. Ein heller kortvaksen, rund og raudlett mann. Han køyrde ungane med hest og vogn.

Då vi tok til i skule på Eide vart vi ungane betre kjend med Emil og "Lovisa" som var syster til farfar. Vi besøkte dei rett ofte. Dei var barnlause, men overlag kjekke menneske. Lovise hadde berre ei svak side. Ho måtte stappe kaker i folk - unge som gamle. (Minnest eit selskap heime på Lesto der ho og Emil og var gjester. Kanskje det var i Aslaug sin konfirmasjon. Lovise sat i alle fall ved sida av Svein, som då var omlag 5-6 år, og pota i han blautkake - og det i slike mengder at guten vart dårleg). Men det var rikeleg med julekakeeting på Eide - heile året, men ho ville så gjerne vise si glede for besøk - og velvilje for alle. Så dette var hennar måte.

At vi gjekk der hadde vel og si årsak dels i orgelet - og dels sveivegrammofonen deira. Kor mange gonger "Gud vil jeg skal være et solskinnsbarn" var sveiva i gong på Eide? - Det var ikkje få i alle fall.

Nokre episodar / sagt og høyrd.

Ute på Lisjemyra brukte det å vere overflatevatn om haustane, og her fraus det til ein skikkeleg issvull utover vinteren. Den gjekk frå øvre kummehjørnet på skrå – retning Moldestad, til gjerdet mot vegen om lag. Ein av siste vintrane på 40-talet hadde eg teke meg ein tur dit. Det var prektig å sigle der på buksebaken. Men denne spesielle dagen var turen illegal, og eg var ikkje kledd etter tilhøva. Eg vart rikeleg både blaut og kald. Det enda opp med ein seigliva bronkitt som varde i fleire veker. Og det førde til lang skulefri sjølv sagt.

Eg oppdaga og at saft av sylta raudbetar var godt. Den slurpa eg rikeleg i meg når eg fekk høve. Ein kveld fekk eg eit voldsamt behov for potta. Den vart henta og eg gjorde frå meg som eg måtte. Det viste seg at væska var heilt raudfarga, og det vart stor ståhei i huset. Ingen hadde registrert at eg hadde forsynt meg med denne safta før på dag, og det vart snakk om både nyresjukdom og det som verre var. Eg slapp å gå på skule dagen etter, men same dagen vart det oppdaga kva årsaka til missfarginga var. Den velbehagelege sengelega vart ikkje meir langvarig.

Den fyrste appelsinen mi åt eg i ein alder av om lag 7 år, men eg hugsar ikkje akkurat når på året. Det var vanlegvis berre råd å få fatt i slikt i enkelte periodar då, i alle fall på våre kantar. Eller var det kanskje økonomien som ikkje tillet slik luksus til kvardags? Eg er ikkje sikker på det heller.

På skulen i Hove hadde vi fyrste året ein lærar som heitte Laura Øye. Hugsar ho hadde ein deformert fot og difor var noko fysisk handikappa. Men ho var ein sær erfaren lærar. Vil tru ho måtte vere like oppunder pensjonsalder då eg var i småskulen. Ho var og svært flink til å innprente oss om rett og gale – og ein del anna lærdom, får eg tru. Men unge Lesto (som bestefar om lag frå no insisterte på skulle heite Ola Lesto jr.) måtte vere ein ”interessant” elev. Alt tidleg fyrste året vart frøken Øye stadig avbroten av denne glupingen som auste ut av all si rike livserfaring og sjølvstalta visdom om både det eine og hitt (og om den eine og den andre, er eg redd).

Eg veit ikkje om ho fortalde far eller mor om kor travel eg truleg måtte vere. Men ho sende i alle fall melding heim om at denne karen måtte ha lange, tjukke sokkar på seg kvar dag. Han stropla og datt alle stader – alle tider. Det er nok rett at frå eg tok til i folkeskulen, og til eg var ferdig, neppe hadde heile kne ei veke samanhengande. Eg var ein lang og ”jøylete hekjel”. Kva dette måtte bety for dei som skulle halde meg med klede bekymra meg lite. Knea levde eg ganske vel med dessutan.

Øvste skuffa i kommoden til bestefar og bestemor på ysteloftet, var ein spanande stad. Det var bur med lokk på der - på kvar side nedi skuffa, og nedi det venstre buret var det to patroner som truleg var kome til gards med han Per i Amerika (bror til bestefar). Han vitja gamlelandet ein gong, etter å vore amerikansk soldat i Frankrike under fyrste verdskrigen. Eg vart aldri lei av å halde i desse, truleg fordi eg alltid måtte vere so varsam med handteringa.

I denne skuffen låg og ei svært så (etter mine auge) fin setelbok. Ho var sliten og medteken, men hadde så ubegripeleg mange fine brettar og rom. Eg må tydelegvis ha likt den overmåte godt, for i følgje bestefar fann følgjande ordveksling stad ein dag eg var på vanleg bisneferd: Bestefar: - ”denne skal du få når eg dør”. Ola: - ”eg veit no ikkje ka tid du daudar”. (Karane var tydelegvis verbale slektningar og, men no har eg denne lomdeboka).

Per let og etter seg hjelmen sin og soldatveska. Begge fekk uverdig lagnad. Hjelmen heldt stand mot både kalvedrikk og anna krevjande stoff i fleire år, og eg er ikkje sikker på kva den enda som - eller kvar. Den flotte skulderveska med skinnforsterkning hang på stabburet, saman med gassmaska. Flittige gutehender gjorde endeleg slutt på begge etter som åra gjekk.

Bestemor fortalde at oldemor hadde hatt ein stor sølvtomling (sølvbolle) med fleire småbeger til. Dette hadde ho seld til ein omreisande kramkar for 5 kroner. Det var sikkert mykje pengar, men det er leit å tenkje på no. Likeeins fortalde far at hans tippoldefar hadde hatt ei svær bjørnerifle, med bajonett. Denne vart av ein eller annan teken i bruk som "fortøyingsspale" for krøtter, og det var det.

Ein sommar, eg var vel 8-9, år fekk eg eit skikkeleg oppdrag av far. Eg skulle gå til handelsmann Roset og kjøpe måling, okerfarga måling (pulver). Han rusta meg ut med 5 kroner og den fine heimelaga dokumentmappa si. Eg gjekk til Nabben eg, la 5 kroner på disken og sa at eg skulle ha oker. Roset gjekk på lageret og kom omsider att med ein diger pose. Den var så stor at eg ikkje fekk att lokket på veska, men eg gav meg på heimtur. Det vart ein seig oppleving. Eg trur eg sleit med meg veska på 100 ulike måtar. Den vart tyngre og tyngre, men heim kom eg no omsider. Det vart aldri så lite oppstandelse. Posen inneheldt vel 5 kg. med målingspulver - og eg skulle hatt berre eit par hekto. Fem kroner var mykje pengar den tida, og eg kan tenkje meg at både far og mor var litt fortvila. Eg hadde (som vanleg) ikkje lytta nøye nok til ordren og hadde fått denne gongen heller, men eg slapp både munnbruk og mishagsytring. Det vart mest prat om stakkars ungen som hadde streva seg heim med denne bora. Eg trur ikkje eg misshugsar særleg når eg meiner denne okerporsjonen vart like seigliva her på garden som Mil sine "under" var der.

Men på denne visitten hos Roset hadde eg oppdaga at han hadde ein fin liten blå knallpistol liggjande i disken. Den skulle fungere slik at ein sette ein innhola kork i løpet. Korken inneheldt knallet, og det burde i teorien smelle godt når ein trekte av. Denne pistolen gav meg ikkje fred. Den dagen det var slåttarbeid på Terningvollen greidde eg ikkje meir, og sette i gang min "offensiv" med mas og argumentering. Eg trur eg heldt det gåande i fleire timar før både far og mor var så lei av å høyre på meg at eg til sist fekk det som eg ville. Far sa endå til meg at det var siste kronene vi hadde akkurat då. Men nok ein gong oppfatta eg ikkje poenget – eller problemet.

Turen til Nabben gjekk raskt no. Eg hadde fått med meg den blå femmaren, og handelen vart gjord utan noko garantisikring, og eg returnerte kvikt for å overtyde folket om det eventyrlege som no var kome til gards. – Og så verka han ikkje. Eg har fortrent både skamma og sorga, men litt lærdom og ettertanke fekk eg kanskje om meg sjølv. At eg hadde greidd å oppføre meg så til dei grader utåleleg at far gav meg siste femmaren som fanst på garden for å "verte kvitt meg". Det gnog litt oppover i åra.

Rett etter krigen var "fredsmarsjen" eit populært tiltak. Eg hugsar ikkje kor langt ein gjekk. Eg hugsar derimot spesielt ein person frå fredsmarsjen 1945. Eg stod ned ved vegen og såg etter far (som og var deltakar), då dåverande distriktslege Heggdal kom kavande i retur frå retning Eide. Han hadde fotsid svart nickers, lysbeige farga skjorte og brun pullover. Brune sko hadde han og. Han freista å gå fort, men verka svært så kavete – og han sveitta veldig.

Eg har alt nemnt at ein fast plass å gå var "Milhaugen". Det var moro å gå på besøk til Emil og ho "Gaml-Ane". Det vanka som regel gotteri, og den gamle stova var spanande. Ane, som var svært gamal etter mi oppfatning (ho var syster til oldemor Johanne), hadde i si velmakt vore tenestetaus eller det som finare var "hos en kapteinfamilie i Aalesund". Dette var skikkeleg fint folk slik ho såg det. Oppfatninga av eigen person og stilling frå denne velmaktstida vart nok ikkje heilt ajour med realitetane som vart etter som åra seig på. Og elles var vist ikkje hovudet heilt det same heller. Men ho baka småkaker og serverte både dei og kakao til ungane når vi var på besøk. Men etterkvart fann vi med sjølvsyn ut at det kanskje ikkje var ideelle hygieniske forhold i matlaginga hennar. Småkakene hamna difor oftast i lomma, og deretter på stabburstaket til "Mil".

Han "Mil" vart kjend for å gje god lyd frå seg når han reinska halsen. Det var i alle fall ikkje vanskeleg å høyre når han stod i det skeive og skakke kammersglaset og "rækte" opp "krimkleksene".

Eit oppdrag eg brydde meg med å takle var å «stride Berssaudinje». Om våren og somrane kom sauene frå Bergsbygda flittig på besøk i markane våre. Då var «Jakken» (hunden) god å ha. Og saman jaga vi dei av garde ut forbi Haggarden, ofte fleire gonger om dagen. Ein dag hadde eit lam kome frå flokken, og hunden heldt eit svare liv med det. Det enda med at lammet kom ned på Anton A-bryggja og hoppa på havet. No vart gode råd dyre. Lammet var sprengt, og låg mest livlaust i sjøen, og vinden stod frå land. Eg prøvde å nå det med stokkar og greiner, men greidde det ikkje. Det var fælt, for eg opplevde det som min feil. Det var så fortvilande at eg beit laus ei tann (mjølketann) rett nok. Korleis det vidare gjekk minnest eg ikkje heilt, men lammet vart berga. Truleg hadde eg sprunge heim og fortald kva som hadde hendt. Det vart ein liten lærdom av det også: Det meste her i verda kan vanlegvis løysast på minst to ulike måtar, men rette måten med lam er vanskeleg.

Eit fast innslag midtsommars - fram til midt på 50-talet var «splinten», som dei vart kalla av oss. Taterane (omstreifarane) var vandrande kremmarar, med blekkvarer, ymse husgeråd og klokker. Far og mor tok rimeleg imot dei, og dei fekk overnatte i høybroten. Det minnest dei fekk klår beskjed om ikkje å røyke eller nytte eld i låven. Kor det vart respektert hugsar eg ikkje.

Den storfamilien som mest var på desse kantar var "Rosenborgane". Eg trur dei var 10-12 menneske i alt. Han gamle Laurits var temmeleg husvarm hos oss, og han var ein lun luring. Det gjekk rykte om temperamentet hans, så vel som om dei yngre sitt. Det skulle vere bataljar mellom både familiar og generasjonar, og kniv var ikkje uvanleg hjelperåd i slike høve. Eg hugsar ein sommardag han sat under rosetreet på tunet og overtala bestefar til å kjøpe lommeur. Han lukkast til dei grader at denne klokka verka som reine «knallpistol» på bestefar.

Ei grein av Rosenborgfamilien budde nokre år på Bakkebø i Kjøde. Sist på 40-talet vart det starta opp skule på Eide (samla/fådelte) for Kjøde og Eide krinsar. Der vart Elfrida og Sandra Rosenborg våre medelevar. Dei var greie jenter. Litt eldre enn oss var dei - og kvar dei vart av etterkvart veit eg ikkje. Dei hadde nok litt vanskar med skulearbeidet. Truleg fordi dei hadde måtte hoppe over ei og anna klasse eller semester undervegs.

Leif fortel om "almannamøte" på Storerøysa. Dei nære naboane var det ein såg mest til. Og postmannen. Når "Julebass" t.d. hadde gjort unna ein Bergenstur -eller hadde planer om ein, var han som regel ein tur til oss og fekk nokre egg for å fylle opp i magen. Var han heldig

fekk han gjerne eit matmål av mor. "Gar-Johan" var representant for brannkassa, og hadde sine faste rundar med innkrevjing av brannpremien.

Elles var det moro å ha "Pappalilli" på telefonbesøk. Han tykte nok det var vanskeleg å høyre folket i andre enden, Anders. Han rekna nok og med at dei i andre enden meinte det same. Det var i alle fall ikkje mykje som gjekk små øyrer forbi av det *han* snakka om i telefonen. Anders var ofte hjelpar i slaktetida, og eg minnest spesielt ein haust då grisen vart slakta. Den låg daud på slaktebordet ved dæla, og skåldevatnet var klart på den blå, kasserte kaffikanna. Då Anders sende fyrste varmvasskvetten på grisen vart det ein refleks i skrotten - som mest hoppa på bordet - og ein fot trefte kaffikanna som flaug i husveggen.. Det vart ein støkk for karane - ikkje minst for Anders som måtte setje seg ei stund. Hendinga førde sjølvsgat til noko grotesk humor utover dagen og i ettertida.

"Post-Johan" og seinare "Post-Sivert" var og av dei faste innslaga i kvardagen. Dei hadde mang ein tøm over Mannseidet dei karane. Eit spesielt storhende var det då Sivert kjøpte seg Tempo motorsykkel til postruta. Det var retteleg stort.

Marius og Dina vart det ikkje mykje kontakt med sjølv om Marius var av tjukke slekta. Dei to verka (sikkert urettmessig vurdert) ikkje å ha særleg barnetekke. Marius verka sur og olm, sikkert urettvist oppfatta det og. Heimefolket vårt ymta om at det truleg var brokkplagene som gjorde slike utslag. I alle fall: Dagar vi oppfatta humøret å vere slett lista vi oss over Langåsen på veg til Neset.

Dersom ladehjellen kunne fortelje, vart det ikkje berre "pisseri". Ein gong fann vi ungane ut at vi skulle blåse oss opp med sykkelpumpe og ei gamal bilpumpe vi hadde frå ein eller annan stad. Det var i utgangspunktet eit håplaut foretak, men svært alvorleg forsøkt. Vi var på ladehjellen, og utan å gå for mykje i detalj - vi prøvde å pumpe luft i kvarandre bak. Føremålet med øvinga var å sjå kven som kunne prestere største og lengste fisen etterpå. Det heile slutta meir eller mindre misslykka, men nokre småfjertar lurde seg visst ut "baktøra".

I 8-9-års alderen fekk eg vere med far på sommartur eit år. Det var mi fyrste lengre reise, og starta med buss tidleg ein søndag morgon. Far hadde tinga tur med den nye båten til MRF, sjøbussen "Hjørungavåg". Den skulle gå ein slags demonstrasjonstur trur eg. Og eg trur bondelaget, eller kven det no var, var turrarrangør. I alle fall var opplegget at turen gjekk frå Åheim til Molde. Undervegs stogga vi på landbruksskulen på Gjermundnes, før turen gjekk til byen. I by'n møtte far ein kjenning, Gunnar eller Jakob Kjøde, minnest eg. Etter matøkt på Alexandria hotell var det busstur til Hustad for å sjå nydyrking. Det var ganske sein kveld før vi kom heim, men eg hugsar turen svært godt. Spesielt var det spanande med så stor fart på ein båt. Det var ganske nifst gjennom "Vaulane" hugsar eg. Det eg likevel hugsar aller best er at eg fekk frykteleg vondt i føtene. Eg hadde fått nye sko – og eg hadde lurt far litt, for dei var eit par nummer for små. Men eg skulle ha akkurat dei må vete, så då så --. Føtene hadde det vondt i fleire dagar etter denne turen – og at dei *var* store var eg no enno meir overtydd om.

Eg vart tidleg teken med til kyrkje. I etterkrigstida hadde folk kan hende "bruk" for kyrkja meir enn i vår tid? Seljekyrkja var soknekyrkje for Silda/Ulvesund (som hørte til Selje kommune i den tida) og også for Drage og Hoddevik. Noko som sjølvsgat hadde årsak i kommunikasjonstilhøva i tillegg til kommunegrenser.

Den store og då urestaurerte Seljekyllrkja hadde plass til meir enn 800 menneske var det sagt. Den var fullsett både fyrste juledag, fyrste påskedag, fyrste pinsedag, og ved konfirmasjonar. Vanlege preikesundagar var det og stort oppmøte.

Nokre familiar praktiserte framleis tradisjonen med ”karaside” og kjæringside”. Med front mot koret sat karane på høgre side og kvinnene på venstre sida. Dessutan hadde gardane sine faste benker. Eg hugsar ikkje heilt kva rad Yste-Lesto hadde, men det var noko framfor tverrgongen.

Det var flott orgelspel i kyrkja så lenge Torvald Kvamme var organist. Seinare var der trufaste organistar (m.a. Marie, syster til Torvald), men ikkje med Torvald sin kompetanse og teknikk. Presten på den tida var Tungesvik. Selje prestegjeld omfatta både Vågsøy-kommunane og Selje den gongen, så presten hadde ein stri tårn. Eg kan ikkje hugse kor ofte det var preike i Seljekyllrkja, men presten måtte gjere teneste i fire kyrkjer.

På preikesundagane vinterstid var dei store omnane raudglødande hugsar eg. Det vart ein spanande hobby å observere karane som sat og ”duppa av” under gudstenesta. Det kunne nok vere vanskeleg å vere lys vaken og engasjert eit par timar i det klimatiske miljøet som kunne verte der i kyrkjerommet, både for små og store.

Eg var vel vorten 12-13 år den gongen vi lærde oss at kaffiboksar kunne eigne seg godt som ”snelle” for nylonsnøre med sluk. (Det var ikkje så godt om kastestenger den tida). Ein dag fann eg ut at det måtte vere råd å få til dette med ei vanleg dorgevinde og. Eg hanka opp Leif, og tok vegen til Rystabryggja der tanken sporenstreks skulle omsetjast i handling. Var fyrst i kjellaren og henta vinda, hengde på ein liten svenskepilk, og reiskapen var klar. Etter beste skjøen vart Leif plassert på ein trygg stad, og eg sette i gong og sveive systemet slik eg trudde det måtte gjerast. Det fungerte og – eitt sekund eller to. Då slo ei lykkje seg rundt vinda – og boiiing, her kjem pilken i retur. Rett forbi ansiktet, og ein krok på dreggen krøkjer fast i øyrebrusken i høgre øyra. Vi torde ikkje gå til mor med denne historia, så vi føretok i fyrste omgang ei strategisk forflytting til bak Storerøysa. Leif var send i kjellaren for å hente knipetang. Vi klarte å knipe av kroken, og gjekk så til mor – som vart heilt ”overgidde”. Kroken og mothaken sat fast i øyrebrusken. Vi kunne ikkje gjere noko med det heime, så eg vart sendt til doktorkontoret. Eg tok damesykkelen. (Far var alt på doktorkontoret grunna ei magerempe). Der kom eg fyrst i køen, men eg minnest ikkje at den gode doktor Kjøllesdal var overvettas imponert.

Eg kan visst ha - eller kanskje eg *har* ein spontan, impulsiv og ukontrollert brutal natur på botnen. Hugsar ein sommardag - det var vel om lag i konfirmasjonsalderen min - og eg heldt til på veslekottet på inste loftet. Då hørde eg eit fæla spetakkel av skjorene som hadde reir i surepletreet. Eg såg ut vindauga og oppdaga at katten (Rikkjinj) var på krigsstien. Av ein eller annan grunn oppfatta eg at ei ille gjerning var i ferd med å kunne skje og vart det ein kan kalle ”fly forbannja”. Eg for ut i oppøst sinne, opp i treet, fekk fatt i katten og ned att bar det. Eg hadde tak i nakke/ryggskinnnet på han og tok til å dengje det stakkars dyret med flat hand på baa sider av hovudet. Korleis det hadde enda om ikkje mor hadde oppdaga meg og fekk roa situasjonen er ikkje godt å seie. Men nok ein gong lærte eg litt om livet og naturen sin gang. Og litt om meg sjølv også - og om dette med kontroll av eitt og hitt.

Når vi ser på biletet teke på vestsida av huset (teke frå Lisjemyra) i 1912, ser vi at der står ei rad nyplanta graner, omlag 1.5 m. høge, frå grisehuset mot vegen. På siste halvdel av 40-talet

var dei vokse til flotte tre på omlag 20-25 m. Ei uversnatt vart eit av desse trea brote omlag 4 m. over bakken. Den brotne delen tok vinden og sende tvers over hagen - forbi huset, og «planta» den med toppen i jorda inne på Ekra. Det var eit uverkeleg syn morgonen etter. Kva som ville hend om den var kasta mot hustaket nattetid kan ein berre gisse på. Av og til står «lykken den kjekke bi», som far flittig brukte å sitere.

Inne på skulen på Eide fortalde «Kjøssungane» om eit uhyre på den sida av fjellet, som dei kalla «Skarabokkjin». Dette sikkert staselege, og truleg meir eller mindre mannvonde dyret, fekk i vår fantasi ein storleik og eit vesen som skræmde skiten av oss sjølv på høglys dag. Vi ungane, gjerne saman med Kåre og Arnhild, brukte ofte å gå til Mannseidet godversundagane. På veg heim ned frå fjellet ein slik søndag vart denne bukken tema. Den vart så levandegjord at brått fekk eg (eller Kåre) augo på han oppe på Tua. Vi la til sprangs, drog dei minste med oss, og stogga ikkje før vi var nesten i Lestovika. Det må seiast at bukken framleis står på same staden den dag i dag han, som den steinen i himmelsjø den er.

Bestefar fekk av og til akutte førestillingar om visse udekte behov. Ein sommar fann han ut at eg trong hue. Denne måtte vi til Måløy å få fatt i - med eingong. Dagen vart bestemt og førebudd. Bestefar hadde, etter det eg no forstår, erfaring med periodisk problematisk mage. Det var difor det alltid var ein boks med "Brandreths" i den før nemnde kommodeskuffen. Magen gjorde seg også uheldigvis gjeldande akkurat no. Vel, han brukte å gjere ting grundig, og reisedagen til Måløy hadde han ikkje tenkt å få spolert av tilfeldig magebesvær. Han brydde seg lite med bruksrettleiingar doseringsråd trur eg. I alle fall las han dei ikkje særleg nøye, så kvelden før avreisa tømde han etter eiga mening ei passe mengde pillar i neven og sette til livs for å få magen i skikk til morgons.

Vi måtte gå til Nabben for å ta båten den tida, og på morgonkvisten la vi i veg. Bestefar fekk i alle fall prova at tablettane verka, og at han hadde feilrekna "inkubasjonstida". Han var til skogs minst fem gonger før Haggarden. Det vart fleire turar til skogs ut vegen. Vi rakk båten, - men at vi måtte springe frå skulen til kaia i "tettbygd strok" hadde ikkje berre med klokka å gjere.

Eg fekk hue eg, storleik 58, olivengrøn småruta. Den vart ikkje mykje brukt av meg, men far brukte den litt til kvardags etter å ha lagt nokre lag avisopapir rundt inni bremmen.

Kvar haust når mor laga opp kjøtmat esla ho alltid ein porsjon til tante Anna i Bergen. Eitt år hadde ho gjort unna kjøtkakene, og ei skål med desse gode greiene vart plassert på ei hylle på spiskammerset. Eg har alltid hatt kjøthunger, og heimelaga kjøtkaker kan eg ikkje motstå om eg veit om dei. Dette året oppdaga eg herlegdomen. Den forsvann kake for kake, og var borte i løpet av få dagar. Mor forsto tilsynelatande ikkje kva som var skjedd, og sjølv innrømme eg aldri kvar kjøtkakene hadde teke vegen, men truleg var det likevel almen kjent er eg redd.

Ein vår var Kåre og eg i gang med leiking rundt låven. Då fann vi ut at det skulle leikast snøballkrig med "depel". Det var rikeleg med det rundt kummen og Sukkeberje. Som tenkt så gjord. Karane byrja å kaste. Kåre sto ved kummen og eg ved Sukkeberje. Utan å sikte, men i rein uflaks sende eg ein "ball" som traff Kåremidt i skallen. Han gjekk i kne, og blødde. Det hadde vore ein småstein i "ballen". Eg stakk av eg. Eg veit at eg sat under ein bergnabb i nedste stranda før eg tydelegvis hadde teke vegen oppi Berje. Her fann far meg om etter middagen eingong. Hadde då vore på rømmen i nokre timar -heilt avskremd. Det gjekk bra med Kåre, men han måtte sy eit sting i panna.

Så var det vinterdagen eg og Kåre fann ut at vi måtte ha ei større og meir spennande kjelkeløype. Vi drog difor reiskapen opp under kirsebærtrea ved "Bakkeplassen". Det gjekk så det kvein ned att på far sin heimelaga kjelke - "krybbe" - som vi kalla varianten som var i bruk det året. Styring vart det så som så med. Etter heilt å ha mista den då vi for over vegen til Hammarsløyva -fauk vi utfor "Brattereinsmuren" rett ovanfor "Jølet". Der i jølet møtte vi ei trerot. Bråstoppen var temmeleg ublid og vi var "låke i rævinje" i fleire dagar. Renslet var ikkje nytta om att.

Kåre og eg delte av og til felles lagnad. Vi kunne ver storsnuta og bråkjekke nok, men var og høveleg pysete i dei rette høve. Då det vart vanleg med tuberkulosegransking rett etter krigen, skulle vi to saman med stort og smått i Eide krins ha pirquetprøve i skulen på Eide. Det var truleg det utidigaste, nifsaste og mest avskrekkande vi to karane hadde opplevd så langt. Lukta av medisin og desinfeksjon fall oss ikkje i smak i alle fall. Kan ikkje hugse at vi hadde hatt noko dramatisering på førehand. Eg minnest i alle fall at Kåre uvita i skulegangen. Han "Neseharald" tok han i føtene og bar han inn i skulebekken og fekk dukka han litt så han kom til seg sjølv att. Eg såg dette og kjende at eg sjølv vart noko merkeleg i magen eller kvar det no var. Eg måtte utfor døra og setje meg ei stund eg og. Det er framleis noko ulyst knytt til det å bli "skoren i" av andre.

Det var ei lukke det var så lite biltrafikk på 40- og 50-talet. Dei einaste bilane som var etter vegen var han Per i Kjøde og Ola Hamre sine lastebilar, Robert og Oskar sine drosjer og doktor Kjøllesdal sin Morris. Buss gjekk det berre ein sjeldan gong. Oppkøyrsla "opp med haja" vart nemleg brukt til fartsøvingar både for ski, snøskeiser, kjelkar, spark og sykkel – og gummistøvlar. Mang ein gong enda turen i gjerdet som gjekk frå ladehjørnet til bjørka. Men ikkje sjeldan "traff" vi opninga – grinda. Ungar og utstyr for ukontrollert over veg og stokk og stein – vinter som sommar. Som Leif siterar i ein samanheng: "At det gjekk vel". "Håke speielinj de". Far/bestefar prøvde å sperre av oppkøyrsla av og til, men det var sjeldan særleg bry å omgå slike stengsler.

Ein gong skulle eg sykle på Nabben på "Prestesykkelen" for å levere egg til ein eller annan. Prestesykkelen var eit monster far hadde kjøpt av sokneprest Tungesvik for tretti kroner, og det vart min fyrste sykkel. Den var hauggamal og uhorveleg høg i råma. Dessutan hadde den ei frambrems som gjekk *ned* på dekket. Den var sikkert av utanlandsk opphav og, for det var uråd å få nye dekk til den. Sikkert difor var framdekket blitt vulkanisert eit par gonger opp gjennom åra.

Denne dagen skulle eg ha ærendet ut i "Skogen" eller dei traktene. Då eg skulle svinge ved paktarhuset greidde eg ikkje å vri styret rundt tykte eg, og eg hamna i heilt ukontrollert barvass i ruskehola som utgjorde krysset i prestebakken,. Det vart stor forskrekking for to koner som sto og utveksla nytt der i vegen, men eg kom frå denne hendinga utan mein også. Den hadde som nemnd litt dårlege bremsar denne sykkelen og frambremsa hadde sikkert blokkert hjulet midt i svingen. Eg meiner å hugse at det gjekk heller dårleg med egg.

Ein annan gong eg hadde vore på Nabben var eg komen inn til ho "Sara med veia", då eg møtte gamleklokkaren. Han kom utover på si venstreside av vegen, med eg sykla på mi høgre side. Tjue meter frå einannan tok vi til å svinge begge to. Han til høgre -eg til venstre. Vi prøvde iherdig fleire gonger, men vi møttes -utan at eg rakk å bremse. Hamna i grøfta ved gjerdet gjorde vi begge to, og eg hugsar han ikkje var blid. Eg var imidlertid for forfjamsa til at eg i dag hugsar ordvekslinga som måtte ha vore. "Barvase" klarte eg i alle fall å lage den gongen og.

Apropos "barvase": I friminutta på Eide vart det mest leika gøymsle og "trebole". I trebole var ein ute og såg etter folk som hadde gøymd seg. Det var om å gjere å finne dei og "bole" dei på krysset på skulehusveggen. For dei gøymde var det om å gjere å lure leitaren og greie å "bole" seg sjølv fri. Oddfrid Berstad og eg såg ein dag sjansen samstundes der vi stod og lurde ved kvart vårt hjørne ved skuledoen. Vi starta på likt -og kolliderte ved andre enden. Det enda opp i ei av dei barvasnaste samlingane av ukontrollerte armar og bein som har vore vist i indre Moldefjorden, men gjekk likevel veldig bra, og utan blod den gongen.

Fotball var populært i gamledagar og. Sjølve kula var det derimot ikkje godt å få fatt Den kosta pengar m.a. Både far og farfar lagde fotballar til oss av forsekkar -godt surra med sisalsnøre. Det vart og prøvd med svineblære som var fylt med kutta høy og sagflis. Ballspelet var ein del av mangslungen leik, og ikkje nokon altoppslukande aktivitet. Media vi var omgitt av var ikkje så fylt av sportsstoff og stjerner heller i den tida. Ikkje var media så mange heller.

Utstyr til annan leik var og heimegjord: Pil og boge av rogn og hatleteinar, snøskeiser og kjelkar frå høvelbenken og ski frå han "Neseharald" eller frå skulesløyden. Til skistavar brukte vi teinar av klunger m/heimegjorde trinser også.

Ei "grisehistorie" frå bakkane:

Han pus var trufast fylgje på melketurane. Det vanka nokre dropar frå mjølkinga av henne "Pryde", henne "Plome" og ho "Gulldokke" som var dei vanlege kunamna på garden. Men det gjævaste var å få silvatten når silprossessen var over. Dette var feite og fine saker, men ikkje utan problem heller. lallefall ikkje når det skulle ut att.

Ein kveld eg dreiv og skylde spanna i "bakkebekkja" (den vesle sikla som renn ned lisjeseten), såg eg at katten "måtte på do". Han skikkeleg krumma ryggen og sleit seg til det yttarste, men det var trege saker. Eg kom på såpass hald at eg såg ein omlag fem cm tapp av silfilter i bakenden, og den sat rimeleg fast tydelegvis. Katten var ikkje rådlaus han. Han fann brattaste skråninga under kirsebærtrea, sette seg -og trykte baken godt mot bakken. Løfta så bakføtene klar av marka - og la i veg unnabakke ved å springe med framføtene. Det var eit fornøyeleg syn. Katten skreik og bar seg, men eg måtte ha låttepause.

Ein annan gong det same hende fanga eg katten, tok tak i filten og let det stakkars dyret henge der og skrike medan svineriet sakte seig ut, eller skal eg seie; katten seig ned. Det var vist lite pent gjord, men meininga var god.

”Berre den som vandrar finn nye vegar”. (Norsk ordtak)

Kven var/er dette stride og modige folket som røtte seg her i Moldefjorden sitt vakre, men krevjande landskap - og etterkvart tok slektsnamnet **Lesto**?

Hadde og har dei særdrag og kvalitetar, og kva kan dei evne og krevje av seg sjølv i dag?

For ein del generasjonar sidan var det så mykje folk i grendene at ressursane ikkje strakk til i periodar. Dette førde til oppbrot og flytting. Havet sin rikdom har alltid hatt draging og verka som ei form for tryggleik i overlevingssamanheng, og mange har nok reist frå inste fjordbygdene og innlandet (kvifor og korleis dei hamna der er vel og tilfeldig for mange) til kysten med von om betre materielt liv for seg og sine. Grunnen til at vi er her vi er, kan kanskje sjåast frå den synsstadene, jfr. onkel si bok. Men andre moment kan ha vore i biletet, og skal ein dra ein rund konklusjon bør den kan hende vere at: Det alltid eksisterande trongen/ønskje om noko betre, eller kjærleik, eller tilfeldigleik - og dermed kanskje litt av kvart anna, har plassert oss her vi er.

Farbror **Arthur Lesto**, som har følgd farsslekta attende om lag 350 år, meiner at han kan rekkje eine slektstråden til Isane i Nordfjord på om lag 1640 talet. Dersom det er rett, og truleg er det, har slekta rikeleg med barsk naturkulturell arv i seg. Etter ”mellomlanding” på Rundereim for ”vår mann” kan vi tenkje oss denne arven forsterka; før vi vart lokalisert til gnr. 64 bnr. 1 i Moldefjorden.

Kor langt attende det er teoretisk/praktisk mogeleg å etterspore røtene våre er uråd å ha meining om, men Arthur har gjeve eit godt grunnlag for den spesielt interesserte å bla vidare i.

I Moldefjorden og i Seljetraktene har nok vore folk i uminnelege tider. Om det ikkje er så mange funn frå fortida, kan vi likevel registrere gravrøysane på Lestoneset t.d. og historia rundt Dragseidet, Seljeøya og Ervik. I slikt perspektiv er Lestoslekta berre eit av mange innslag i liv og lagnad på Stadhalvøya.

Ulike greiner er knytt inn i familietreet opp gjennom tidene, men vi kan likevel karakterisere oss som typiske vestlendingar. Eit hardt folk som trassar og meistarar krevjande naturgitte vilkår, samstundes som ei inngrodd respekt og tru på ”Storemannen sin finger” pregar haldningane til det meste.

Desse to faktorane gjer at omverda kan hende oppfatar oss (både vestlendingar og Lestoar) å ha ein komplisert og heller trist enn munter natur. Vi veit det kan vere feil. Karakterdrag, eigenskapar og det vi har fått med oss undervegs frå arv og ulike miljø gjer oss til verdfulle og fullverdige verdsborgarar. Vi bør forsøka å verdsetje og vedlikehalde denne arven for slektene som skal følgje etter oss. Truleg er vi slik vi står fram i dag ”eit folkeslag” det burde ha vore fleire av. (Sjølvskryst sjølvsagt, men sjølvkjensla seier det).

At individuell personleg og genetisk utvikling gjev ulike ”mutantar” i terminologien er berre naturleg og positivt sjølvsagt - også for vår slekt. Vestlendingen har frå gamalt av sin ”doble” natur, og at den har gitt drag til Lestokarakteren opp gjennom generasjonane er slik eg ser det observerbart framleis.

Nasjonalromantisk etterpåklokskap kan vel seie at grunnlaget for denne slekta si overlevingsevne, som for så mange andre slekter var: nøysemd, seig vilje, nok fysisk styrke og vissa om at Vårherre var attåt.

Agrarbolken er nok over på 64/1 må ein innsjå. (Opphøyr av drift 1985).

I min generasjon, og i denne greina av slekta i det heile, vart syster Aslaug og fetter Svein dei fyrste som tok høgskuleeksamenar. I skrivande stund er alle borna mine inne i dette systemet. Mona og Irene som meir eller mindre ferdige sjukepleiarar, og Lars-Gunnar ved universitetet i Oslo. Fleire av syskenborna deira er ferdige, er i sving, eller på veg inn i det akademiske krinsar. Kanskje mangla folket på Ytre-Lesto litt mod i høve til dette i tidlegare tider? Andre greiner av slekta har hatt representantar gjennom det høgare utdanningssystemet i alle fall i tre generasjonar trur eg.

Men etter dagens mål er det i alle fall ikkje liv laga å vere bonde på Yste-Lesto. Kanskje skal eg som farfar legge inn nokre ”statusmål” for mine etterkomarar? Du verda så ulike dei likevel vert hans. For meg må det å ønskje så mange som råd inn i meir eller mindre akademiske krinsar vere høveleg ambisiøst? Men eg ønskjer og at akademikaren skal vedlikehalde kjensla av det naudsynte med skit under neglene.

Når trenden i tida går mot behov for stadig meir teoretisk kunnskap bør vedlikehald av praktisk og jordbunden innsikt vere ein naturleg ambisjon også for framtidens Lestoar. Eg trur Lestofolket med sitt rotfeste i harde naturvilkår, og auge for handling og praktisk nytte av ulik kunnskap, er eksemplariske representantar for folk og land i ei tid der dokumentert teoretisk kunnskap er preferanse nummer ein for eksistens og utvikling. Den teoribaserte kunnskapen tek ikkje skade av folkeleg forankring. Og godt og ”nærsynt” folkevett er langt viktigare enn mange i dag vedgår som generell ballast og realistisk korrektiv i menneska sin eksistens.

Vi bør altså søkje å tileigne oss erfaring og kunnskap i ulike praktiske felt også for å medverke til å oppretthalde mennesket sin - og vår - eksistens i pakt med naturgjevne føresetnader. Lestofolket har kapasitet til å møte slike utfordringar også

Dagens tendens til å basere seg på trendar kan t.d. føre til andre og heilt uventa slike - og på uventa kort tid. Nettopp difor bør lojalitet til teoretisk kunnskap balanserast med jordnær forstand. Akademia held ikkje liv i folk.

Denne slekta bør difor kunne seiast å vere gode fundament for framtida. Vi skal med rak rygg la det gamle latinske ordet verte vårt -

Per adua ad astra

men samstundes legge oss på minne at det er skiftande tider sin skit under slekta sine negler som har fått oss dit vi er i dag.

At eg er stolt av å ætte frå dette folket fråskriv eg meg ikkje. Men no som før er livet vårt, og vi må skape det sjølve. Alle generasjonar skal prøve og feile. Nokre greier seg godt – andre ikkje. Som for alle andre slekter seier eg for Lestofolket sin del med Pearl S. Buck:

***”Dei unge veit ikkje nok til å vere varsame;
difor prøver dei seg på det som er umogeleg –
og greier det, slektsledd etter slektsledd”.***

Og det høver godt som sluttord på denne delen av historia, påbyrja i 1996, å sitere salig Ivar Aasen. Både for fyndorda sin eigen del, men og som utfordring til slekta og for den einskilde - for dei enno ikkje framfarne tider:

***”Den som ikkje leitar, kan ikkje finna.
Den som ikkje vågar kan ikkje vinna”.***

Ditt og datt.

Etter far:

Far (min farfar) skifta golv i storestova i 1930. Det kosta 100 kroner.

Etter mor:

”Gauken skal du gåande høyre.

Svala skal du sitjande sjå.

Ser du deg ein erleving

går året lukkeleg ikring”.

Mor (etter folk frå Skårstranda):

”Når Kvamfjellbökkijne har kasta snø tre gonger

- då kan du så” (”bökkje” er d.s.s. stort troll).

Mor (etter Hans Berstad, ”Gamlestøylinj”):

”Skodda i november skal du få gå på”.

Mor:

”Bestefar min fortalde at eit år vart det uvanleg tidleg vår. Fjella var grøne i fyrste halvdel av april. Men det vart uår på garden. Alt høyet rotna på marka av di sommarsesongen vart ”heilt på ustyr”.

Det ergrar meg i dag at eg ikkje noterte meg spesielt alle verteikna farmor hadde rundt merkedagar som Mikkelsmess, Marimesse o.s.v. Det ville vore verdifullt innhald i eitkvart lokalt epos i våre dagar. Kan hende er det andre som hugsar dei frå henne og kan ta dei med i ein eller annan samanheng.

Ho hadde mange andre uttrykk, regler og strofer knytt til ulike situasjonar også, men dei er og borte for meg, diverre.

Diverse.

Alt leiketyet i min oppvekst var stort sett heimelaga. in vare på det meste. Far laga som sagt mykje både til inne og til utebruk. Vi nytta t.d. vi kapp av ulik material som byggjeklossar. Vi samla fyrstikkøskjer til det same.

To-roms appelsinkasser vart nytta så vel til nattbord som til hyller i låve, stabbur og kjellar.

.....

5. jan. 2000 prata eg med Ragnvald Berge. Det var vanskeleg å møte han utan at lokalhistoria vart tema. Han fortalde:

”Mor mi” (Eli Berge – ho var farfar si syster) ”fortalde at ein teig i området der huset ditt (Solvoll) står vart kalla ”Linreitet”.

Det skulle kunne tyde på at det vart dyrka lin på garden i tidlegare tider. Ho hadde det etter foreldra/besteforeldra sine.